




HERØY
kommune

Årsrapport 2021



EI BÅTLENGD FØRE

Oversyn

Herøy kommune i Møre og Romsdal er perla yst i storhavet på Sunnmøre. Det er ein og ein halv time reisetid til Ålesund og under ein time til Ørsta-Volda lufthamn. Kommunen har om lag 8800 innbyggjarar, og nesten 730 fast tilsette i kommuneorganisasjonen. Næringslivet står sterkt i Herøy med lange tradisjonar for å skape verdiar frå hav og fiske.

Ei båtlengd føre er kommunen sin visjon, og kjerneverdiane våre er respekt, tillit og samhandling. Vi har eit breitt kultur-, fritid-og idrettstilbod med festivalar og arrangement for alle. Naturen og kysten vår er vakker, og Runde med det mektige fuglefjellet er den store stoltheita vår.

Innhold

OVERSYN	
Kommunedirektøren	5
Ordføreren har ordet	6
Klima og berekraft	8
Administrativt og politisk organisasjonskart	10
Organisasjon – HR og HMS	12
Sosiale medium	24
Økonomi	27
VERKSEMDSTYRING	45
Service	48
Kommunikasjon	48
Økonomi	49
HR/HMS	49
HELSE OG OMSORG	51
Tenestekoordinering	56
Barn, familie og helse	56
Pleie og omsorg	57
Bu og habilitering	57
Då vaksinen kom til Herøy	58
KULTUR OG OPPVEKST	61
Barnehage	64
Herøy kulturskule	65
Kvalifiseringssenteret	66
Kultur	66
Grunnskule	67
PPT	67
Ung i Herøy	68
SAMFUNNSUTVIKLING	71
Anlegg og drift	76
Utvikling	76
Landbruk	77
Brann	77
Eigedom	78
Herøy gard	78
Prisar 2021	80



Kommunedirektøren

Det vart ikkje slik vi hadde tenkt i 2021!

Året har vore prega av pandemihandling og vaksinerings. Det er lagt ned ein omfattande innsats og tilsette har vore svært fleksible for å få dette til. Trass i dette fekk vi ei alvorleg hending, der vaksinar ikkje vart sett tidleg nok.

Kommunen sitt samfunnsoppdrag er enormt og kan skildrast i fire ulike roller; utøvar av mynde, samfunnsutviklar, lokaldemokratisk aktør og tenesteleverandør. Statleg politikk skal utøvast i den einskilde kommune. 13 departement og 10 direktorat gir oss føringar for korleis nasjonal politikk skal gjennomførast lokalt. Statsforvaltarens sitt

årlege forventingsbrev samlar alle desse enorme oppgåvene, der det vert stilt krav til rapportering og tilsyn. For å løyse desse oppgåvene treng kommunen dyktige fagfolk. Vi er byggjesteinane i det norske velferdssamfunnet. Tillit mellom innbyggjarane, dei folkevalde og administrasjonen er heilt avgjerande for å få til ei god utvikling av Herøy kommune. Leiarar og medarbeidarar er vår viktigaste ressurs for å nå politiske mål og sikre kvalitet i tenestene.



Foto: FOA

Meir enn to år med pandemi har tydelegare enn nokon gong vist at Herøy har ein godt fungerande kommunal sektor, der vi gir tenester av høg kvalitet og tek ansvaret

for beredskapen også når kriser rammar. Pandemien har også vist at kommunen har dyktige og kompetente tilsette med sterk ansvarfølelse og stor vilje til omstilling og ekstra innsats. Eg er stolt av den jobben vi har gjort, saman.

Årsrapporten skildrar omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar for kommunen i 2021. Dokumentet fortel oss om året som gjekk, men bør berre brukast til å sjå og handle framover. 2021 har vore prega av nødvendig omorganisering, arbeid med rekruttering av tilsette med rett kompetanse, heiltidskultur, redusert sjukefråvær, stortingsval, digitalisering, klarspråk, internkontroll og berekraft. Styrking av kommunikasjon og ny grafisk profil er ein del av den digitale omstillinga det var viktig å gjere i 2021 for å halde tritt med visjonen vår: Ei båtlengd føre. Min eigen visjon er i ferd med å feste seg: Sjå til Herøy!

Kommunedirektør, Trond Arne Aglen

Ordføreren har ordet

2021 vart også eit merkeleg år. Koronaen sette grenser for korleis vi kunne møtast og vere saman med kvarandre. Vi måtte leve liva våre på eit heilt anna vis enn vi var vande med. På trass av pandemien skjedde det mykje positivt i Herøy.



Som ordfører er eg glad for at vi også i 2021 ser ut til å gå i nokolunde økonomisk balanse utan å måtte bruke av sparepengane våre. Aktiviteten har vore stor. Både brannstasjon og tilbygg til rådhuset/ny politistasjon vart ferdigstilte i løpet av hausten. Det var svært viktig at vi fekk politisk vedtak på å bygge to nye kaier på Mjølstadneset. Arbeidet med desse kom i gang seint på hausten og er venta ferdig 2. halvår 2022.

ATTRAKTIV KOMMUNE Å BU OG JOBBE I

Elles er det kjekt å sjå den positive utviklinga og den optimismen som rår mellom dei private næringsaktørane på industri-og serviceområdet på Mjølstadneset. Dei mange nye arbeidsplassane som vert skapte her, er gull verdt for utviklinga av kommunen. Ei stor utfordring er å få dei mange som no får seg jobbar i Herøy til også å busette seg i kommunen. Her er det viktig at vi har trykk på tilbod som vil skape bulyst, og legge forholda til rette for at Herøy skal bli ein attraktiv stad å både jobbe og bu.

DET ØKONOMISKE HANDLINGSROMET

Til liks med dei fleste kommunar gjer mangel på økonomisk handlingsrom at vi slit med å legge til rette for eit så godt tenestetilbod som vi skulle ønskje. Jamt over, har dei fleste det bra i Herøy, men det er urovekkande at «utanfor-skapen» er stor. Eit nært samarbeid mellom kommunen og dei mange frivillige lag og organisasjonar er heilt nødvendig for at dei som slit, skal få eit betre liv.

DET POLITISKE BILETET

Det politiske biletet endra seg noko i 2021. Krf, SP, Folkelista og AP greidde hausten 2020 å samle seg om eit felles kommunebudsjett for 2021. Dette samarbeidet «sprakk» i samband med budsjettarbeidet for 2022, og dette har endra noko på dei politiske samarbeids-

konstellasjonane. Det ser kanskje ut til at dette må vi leve med fram til valet i 2023.

POSITIVT AVTRYKK

Trond Arne Aglen hadde i 2021 sitt første heile år som kommunedirektør. Den tydelege leiarstilen hans, stor arbeidskapasitet og entusiasme for alt som skjer, har sett sitt klare, positive avtrykk i organisasjonen og satsinga på næringsutvikling i kommunen.

GODE TING SKJER

Elles vart det i 2021 arbeidd vidare med utdju-pinga av Fosnavåg hamn. Vi venta også på at det praktiske arbeidet med ny Nerlandsøybru skulle starte. Begge desse prosjekta sig sakte framover, men det tek si tid. Eg må sjølv sagt også nemne at ungdomsrådet i Herøy igjen henta heim ein gjev tittel og vart stemd fram som det beste ungdomsrådet i fylket. Ein gjev pris gjekk også til UFO. Stor takk til ungdomane og dei som styrer saman med dei.

EIT NYTT ANNLEISÅR

Også 2021 vil, til liks med 2020, bli hugsa som eit «annleisår». Utfordringane vil framleis stå i kø, men gjennom sterkare fellesskap, solidaritet, likeverd og inkludering skal vi herøyværingar framleis få til det andre meiner er umogleg.

Eg vil nytte høve til å takke alle dei gode medarbeidarane i kommunen, næringslivet som skapar verdiane så vi har noko å dele, og ikkje minst dei mange frivillige lag og organisasjonar.

Eg vel å avslutte om lag som i fjor:
2021 er historie. No ser vi mot framtida.
Det er trass alt der vi skal vere resten av livet.

Ordfører, Bjørn Prytz

Klima og berekraft



EG OG DU MÅ TA ANSVAR

Det er uomtvisteleg at menneskeleg påverknad har ført til oppvarming av atmosfæren, havet og på land. Omfanget og hastigheita av endringane er ulikt noko anna vi har sett på hundrevis, tusenvis, titusenvis, hundretusenvis av år.

I 2019 var konsentrasjonen av CO₂ i atmosfæren den høgaste på minst to millionar år. Global oppvarming vil bikke 1,5 og 2,0 grader i løpet av dette århundret med mindre verda gjennomfører kraftige kutt i utsleppa.

MEIR EKSTREMVER

Koplinga mellom ekstremver og klimaendringar er meir tydeleg enn nokon gong. Mange av endringane vi har sett, som issmelting, stigning av havnivå og ein auke i ekstremver, vil vere umogleg å reversere dei neste århundra. Det er framleis mogleg å unngå dei verste konsekvensane av global oppvarming.

MOT LÅGUTSLEPPSSAMFUNNET

Herøy kommune brukte 2021 på å utarbeide ein klimaplan for korleis Herøy skal omstille seg til lågutsleppssamfunnet. Det skal vi gjere ved å gå føre som eit godt eksempel og kutte eigne utslepp, som eit godt føredøme for innbyggjarar og næringsliv, gjennom å redusere energiforbruket, klimatilpasning, endra forbruksmønster og klimatiltak som fremjar biologisk mangfald. Slik skal kommunen byggje ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet Herøy.

KLIMABUDSJETT SOM STYRINGSVERKTØY

Tiltak for å følge opp måla i klimaplanen vil difor bli implementert i dei årlege handlings- og økonomiplanane, med eit tilhøyrande klimabudsjett. Klimabudsjettet skal vere eit styringsverktøy for å nå vedtekne mål om klimagassreduksjon og andre vedtekne klimamål. Det skal synleggjere tiltak for å redusere utslepp, anslå effekt av tiltaka og fordele ansvaret for gjennomføring. Klimabudsjettet skil seg frå ein handlingsdelen ved at i klimabudsjettet omhandlar mål og tiltak som er tettare knytt saman med kommunen sitt viktigaste styringsdokument: handlings- og økonomiplanen. Integrert i kommunebudsjettet vert det følgd opp på lik linje med andre budsjettkapittel i kommunen. Det vil vere avgrensa til aktivitetane til kommunen, ein sektor, eit geografisk område eller tiltak og verkemiddel som ein offentlig etat har mynde over. Klimabudsjettet vil omhandle klimatiltak for å redusere direkte eller indirekte utslepp, klimatilpasningstiltak, energitiltak eller tiltak for å nå andre klimamål.

HERØY TEK SAMFUNNSANSVAR


Kommunen påverkar lokalsamfunnet på mange måtar, og har gjennom ei rekke ulike roller høve til å redusere klimagassutslepp. Som eigar og innkjøpar, planleggar og forvaltar, og som pådrivar og igangsettar. Med mål om å redusere klimagassutslepp med 50 prosent innan 2030 vil det likevel krevje tiltak utover kommunen sine direkte roller. Tiltak vil også omhandle område der kommunen ynskjer å påverke andre aktørar til å redusere klimagassutsleppa til Herøysamfunnet.




SAMFUNNSANSVAR:


Endra haldningar skapar handling.
Herøy kommune tek samfunnsansvar.
Foto: Iselin Nevstad Øvrelid

Administrativt organisasjonskart



Politisk organisasjonskart






Organisasjon – HR og HMS

HR/HMS arbeider i skjeringspunktet mellom leiarar, tilsette, verneteneste og tillitsvalde. Avdelinga er i hovudsak ein intern tenesteleverandør som saman med dei andre avdelingane i verksemdstyring skal yte tenester på tvers i organisasjonen.

Det er såleis viktig at vi har eit heilskapleg perspektiv i tilnærminga av oppgåvene våre. Vi skal medverke til at organisasjonen når måla sine, og at rettar og plikter vert tekne i vare.

Helse, miljø og tryggleik er viktig for at vi skal ha ein helsefremjande arbeidsplass der vi kan trivast, utvikle oss sjølv og arbeidsplassen vår. At HMS-faktorane er gode, er difor ein viktig føresetnad for at vi skal levere gode tenester.





Herøy

Leilingsprosessar

- Beredskap og kriseteleling
- Organisasjon
- Personvern GDPR
- Styringsdokument
- Vis

Hovudprosessar

- Sektor Helse og omsorg
- Sektor Kultur og oppvekst
- Sektor Samfunnsutvikling

Støtteprosessar

- HR/HMS
- IKT
- Innkjøp
- Interimkontroll
- Kommunikasjon

Andre dokument

Syn/Gjenn liste med element

Organisasjon

TILSETTE

Herøy kommune hadde ved utgangen av 2021 728 fast tilsette. Disse er fordelt på 616 kvinner og 112 menn. Omrekna utgjør dette 554,5 årsverk. Tala avslører at vi framleis har tilsette som arbeider deltid. Samanliknar vi tala frå 2020, har Herøy kommune 23 færre tilsette og fem årsverk mindre i 2021 enn i 2020.

Dette syner ei positiv utvikling i stillingsstorleiken hjå tilsette i kommunen. Fordelinga mellom kvinner og menn, viser at vi framleis har ei markant kjønnsdeling mellom dei ulike yrkesgruppene. I tabellen under ser du tilsette fordelt på sektor inndelt etter kjønn.

	Kvinne		Mann	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Helse og omsorg	326	92,6 %	26	7,4 %
Barn, familie og helse	59	89 %	7	11 %
Bu- og habilitering	59	86 %	10	14 %
Pleie og omsorg	202	97 %	6	3 %
Tenestekoordinerer	6	67 %	3	33 %
Kultur og oppvekst	235	87,4 %	34	12,6 %
Barnehage	46	100 %	0	0 %
Herøy kulturskule	8	53 %	7	47 %
Kvalifiseringssenter	7	88 %	1	12 %
Kultur	10	67 %	5	33 %
Skule	164	89 %	21	11 %
Samfunnsutvikling	37	45,1 %	45	54,9 %
Anlegg og drift	1	11 %	8	89 %
Brann	1	5 %	21	95 %
Eigedom	28	74 %	10	26 %
Landbruk	3	100 %	0	0 %
Utviklingsavdelinga	4	40 %	6	60 %
Verksemdstyring	29	82,9 %	6	17,1 %
Service	5	83 %	1	17 %
Kommunikasjon	2	67 %	1	33 %
HR/HMS	3	75 %	1	25 %
Økonomi	5	71 %	2	29 %
Lærlingar	10	100 %	0	0 %
HVO og HTV	4	100 %	0	0 %
Kommunedirektør		0 %	1	100 %
Totalsum	616	85 %	110	15 %

Tilsette fordelt på alder	
< 20 år	12
20 – 29 år	88
30–39 år	133
40 – 49 år	176
50 – 59 år	216
60 – 69 år	101
over 70 år	0

OM ALDERSSAMANSETNAD BLANT TILSETTE:

I 2021 var det 24 tilsette som vart pensjonistar. Mange av desse har blitt erstatta. Utifrå tala i tabellen kan vi forvente at om lag like mange blir pensjonistar i dei komande åra. Noko som gjer at behovet for å rekruttere blir større i framtida.

LÆRLINGAR

Ved utgangen av 2021 hadde Herøy kommune ti tilsette på lærlingkontrakt. I tillegg til desse ti, var ein lærling ute i permisjon. I løpet av året har i alt 15 lærlingar hatt Herøy kommune som sin opplæringsstad og arbeidsplass. Dette i tett samarbeid med Opplæringskontoret Søre Sunnmøre. Sektor for kultur og oppvekst har hatt fire lærlingar, medan sektor for helse og omsorg har hatt 11. Det er tenestekoordinering som organiserer lærlingane i helse og omsorg, medan det er avdelingsleiar barnehage som organiserer lærlingane i skule og barnehage. I

tillegg har avdelingsleiarane ei viktig rolle med å følgje opp lærlingane i vegen til fagprøve. Nokre av lærlingane avslutta læretida si sommaren 2021 og gjekk opp til fagprøve. Tre av lærlingane bestod fagprøva. Dei andre har halde fram, og skal opp til fagprøve i 2022. Kommunestyret har vedtatt at Herøy kommune i gjennomsnitt skal ha 11 lærlingar per år. Av eit samla tal på 15 lærlingar var det berre jenter som hadde lærlingtida si i Herøy kommune. Dette speglar langt på veg den kjønnsamansetninga som er i sektorane.



I OPPLÆRING:
Ronja Solem er lærling ved
seksjon blå og starta i august.
Foto: Thomas Sporsheim

Rekruttering

I løpet av 2021 vart 128 personar tilsett i Herøy kommune. Dette omfattar alle typar stillingar i organisasjonen, og gjeld både heiltid- og deltidsstillingar. Ein del av desse stillingane er tidsavgrensa, og inkluderer også ferievikarar. Når vi veit at 24 tilsette har blitt pensjonistar i same periode, vil erstatning av desse vere ein del av talet på 128 personar. Generelt sett er gjennomtrekken på tilsette i Herøy kommune liten, men generasjonsskifte og ei viss grad av mobilitet i den lokale arbeidsmarknaden påverkar også oss som arbeidsgjevar. Majorteten av dei utlyste stillingane høyrer heime i helse og omsorg, men sektor for kultur og oppvekst har også hatt mange utlysingar i 2021. Det har vore i alt 902 søkjarar til stillingar dette året.

REKRUTTERINGSUTFORDRINGAR

Det er til dels ulik søkjarmasse til stillingane i Herøy kommune. Generelt er det fleire søkjarar til stillingar med lågare krav til kompetanse, enn dei med høg kompetanse. Dette er også med på å reflektere det generelle utdanningsnivået i kommunen.

I sektor for helse og omsorg har det vore særleg vanskeleg å rekruttere legar og helsepersonell med spesialistutdanning. Vi ser også at det er andre typar stillingar i helse og omsorg det er utfordrande å rekruttere til. Det er få søkjarar med relevant utdanning og erfaring. Det har også vore krevjande å rekruttere rett

kompetanse til stillingar i samfunnsutvikling. Dette gjeld både fagarbeidarar, personar med høgare utdanning og relevant erfaring innan fagområdet. Sektor for kultur og oppvekst har også hatt svært varierende tal på søkjarar til stillingar, og skil seg ikkje vesentleg frå dei andre sektorane når det gjeld låg søkjarmasse til nøkkelstillingar i organisasjonen.

Felles for alle sektorane er at det er få søkjarar til leiarstillingar, og gjerne berre ein til fem søkjarar. Det same ser vi for dei andre stillingane som er omtalt over. Talet på søkjarar avgrensar tilgangen til kvalifisert personale, og høve til å gjere tilsetting. Ved nokre høve har det vore naudsynt å lyse ut stillingar fleire gongar. Trass i dette, lukkast det ikkje alltid å få rekruttert personar i stillinga.

FÆRRE TILSETTE

Statistikken viser at talet på tilsette i organisasjonen har gått litt ned, og isolert sett skulle dette bety innsparingar i kroner. Nye tilsette som erstattar dei som sluttar i organisasjonen, kostar oftast meir enn dei som går ut. Dette fordi arbeidsgjevar etterspør meir kompetanse for å innfri krava til tenester i framtida, og at lønsplasseringa difor vert høgare. Dei strukturelle endringane som følgje av auka digitalisering og endring i arbeidsdeling krev også meir kompetanse.

Kompetanse

Med ei stor breidde i tenestetilbodet og meir enn 700 tilsette, har Herøy kommune mange profesjonar og kompetansefelt på ulike nivå i organisasjon. Det er likevel ikkje alle som har formell kompetanse i organisasjonen, og desse utgjer gruppa av ufaglærde. Desse utgjorde i 2021 17 prosent av alle tilsette i Herøy kommune. Delen av dei som har fagbrev eller fagbrev med tilleggsgutdanning var nær 31 prosent. 20 prosent av arbeidsstokken har bachelor, medan gruppa av dei med 4 eller 5-årig høgskuleutdanning utgjorde om lag like mange.


Andre grupper er leiarar og tilsette i stillingar som har eit definert krav til utdanning etter Hovudtariffavtalen.

Fleire leiarar og tilsette har gjennom året tatt vidare- eller etterutdanning innan sine fagfelt. Vi har også fleire tilsette som har teke fagbrev. Behovet for og kravet til kompetanse er stadig aukande i alle sektorar, og innan nokre område er desse klart definerte. Dette kjem også fram i kompetanseplanane i sektor for kultur og oppvekst og helse og omsorg.

Sjukefråvær

Målet for sjukefråvær var i 2021 sett til 7,5 prosent. Fleire arbeidsplassar har nådd dette målet, men samla sjukefråvær var likevel 8,65 prosent. Korttidsfråværet viste 1,73 prosent og har gått ned trass i pandemi. Langtidsfråværet var på 6,92 prosent. Kompleksiteten knytt til sjukefråvær er stor, med mange variablar som påverkar. I ein stor organisasjon med ulike arbeids- og ansvarsområde, har arten av arbeidet betyding for grad av sjukefråvær.

Statistikk viser at kvinner har større sjukefråværsgrad enn menn, og i så måte vert dette spegla igjen også i Herøy kommune. Det vert jobba på systemnivå, gruppe- og personnivå for å førebyggje sjukefråvær. Noko av dette arbeidet vert omtalt under HMS-arbeid. Arbeidsgjevar vurderer at det ligg utsikter til at sjukefråværet kan reduserast gjennom målretta arbeid mellom dei aktuelle partane.



SAMLA SJUKEFRÅVÆR: Søyldiagrammet viser det samla sjukefråværet dei siste åra.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

HMS-arbeidet skal gi grunnlag for ein helsefremjande og meningsfylt arbeidssituasjon, som skal gi tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Arbeidet med helse, miljø og tryggleik skal sikre at alle på arbeidsplassen har eit forsvarleg arbeidsmiljø.

SIKRE KUNNSKAP

I dette arbeidet er det viktig å sikre at leiarar, verneteneste og tillitsvalde har tilstrekkeleg kunnskap om HMS. Dei siste åra har kommunane i 7-stjerna samarbeidd om å arrangere HMS-kurs for leiarar, verneteneste og tillitsvalde. I 2021 hadde Herøy kommune med om lag 30 deltakarar på kurs. Dette fordelt på to ulike kurs. Det eine kurset var eit framhald frå året før, medan det andre var eit komplett 40-timarskurs. Årsaka til at førstnemnde vart delt, var at gjennomføringa måtte utsetjast grunna korona. Det var Bedriftshelsetenesta Avonova som hadde ansvaret for gjennomføringa av HMS-kurset. Bedriftshelsetenesta er elles ein

samarbeidspartnar i HMS-arbeidet generelt. Bedriftshelsetenesta har også i 2021 deltatt IA-møte og i arbeidsmiljøutvalet, slik det ligg i plan for HMS-arbeidet i kommunen. I arbeidet med HMS er også Nav arbeidslivssenter viktige samarbeidspartnarar. Arbeidstilsynet er også ein viktig rådgjevar.

TENKJER FØREBYGGJANDE

Førebyggjande aktivitet står sentralt i HMS-arbeidet og har vore vesentleg også i 2021. Ein viktig del av dette arbeidet er knytt til opplæring i vurdering av arbeidsmiljøet på den einskilde arbeidsplass, knytt til lovkrava som ligg føre. Dette er også ein del av det systematiske arbeidet som er gjennomført. I tillegg har det blitt gjennomført kurs i tema om trakassering, vald og trugslar og ROS-analyse knytt til dette. Vidare er det blitt gjennomført kurs i førstehjelp, arbeidsplassvurdering og ergonomi, i tillegg til kurs og oppfølging i det som omfattar psykososialt arbeidsmiljø.

Likestilling, diskriminering og inkludering

Vi arbeider for å fremje likestilling og hindre diskriminering internt i organisasjonen, og for dei vi yter tenester til. Vurderingar om likestilling og diskriminering vert teken inn i rekrutteringsprosessar, og lønspolitikken legg føringar på likestillingsaspektet ved fastsetjing av løn.

Det blir jobba med å sikre likeløn for kvinner og menn. Likestilling handlar også om heiltid (stillingar i 100 prosent). I 2021 var 397 kvinner og 47 menn tilsette i deltidstillingar i Herøy

kommune. Talet for menn inkluderer 19 personar som er tilsett i brann, med høvesvis 2,05 prosent og 1,64 prosent stilling. Hos kvinnene utgjer dette berre éin person. Sidan 2014 har vi jobba aktivt for å auke opp stillingsprosenten for tilsette som arbeider deltid. Helse og omsorg og seksjon for reinhald har jobba systematisk med heiltidskultur. Dette har gitt resultat. Samanlikna med 2020, har vi ein nedgang i talet på deltidstilsette, både hos kvinner og menn.

Det er 25 færre deltidstilsette kvinner i 2021 enn i 2020. Tilsvarende tal for menn er tre. Ein viktig del av det å utvikle kultur for heiltid er å sikre kvalitet på tenestene, omsynet til likestilling, styrke tilhøyrslø og identitet, i tillegg til å redusere sjukefråvær på arbeidsplassen. Arbeid med inkludering skjer i samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane gjennom å utarbeide felles forståing gjennom retningslinjer, reglement og politikk.

Vi har førebels ingen heilskapleg politikk for likestilling, diskriminering og inkludering.

Retningslinjer for rekruttering, rettleiing og prosedyrar for oppfølging av gravide, permisjonsreglementet, lønspolitikk og arbeidet med inkluderande arbeidsliv (IA) er noko av det som er med på å sikre inkludering i organisasjonen.



Illustrasjonsfoto:
Adobe Stock

Etisk standard

Herøy kommune skal ha ein etisk standard med verdiar og normer som gjer at tilsette og innbyggjarar kjenner seg trygge på at vi leverer tenester innanfor dei rammene som er venta av oss. Dette inneber at vi i all sakshandsaming og i møte med interne og eksterne tenestemottakarar skal ha ei profesjonell og objektiv tilnærming i arbeidet. I 2021 vart det utarbeidd retningslinjer for habilitet i samband rekruttering og tilsettingsforhold i Herøy kommune. Dette er eit supplement til lov og avtaleverk, reglement, retningslinjer og prosedyrar som finst frå før i organisasjonen. I samband med at den nye personvernforordninga (GDPR) kom i 2019, har personvernet fått meir merksemd i organisasjonen.

Våren 2019 utarbeidde alle sektorane GDPR-protokollar for sine arbeidsområde. Formålet med GDPR-protokollane er å opplyse kva personopplysningar organisasjonen har informasjon om, kva desse vert brukt til og kva lovverk som gir rett til å oppbevare og bruke opplysingane.

Behovet for oppbevaring og bruk av personopplysningar endrar seg over tid. Det gjer også lovverket. Fleire av arbeidsplassane har difor revidert GDPR-protokollane sine i 2021.

Herøy kommune har også personvernombod som skal jobbe for at tilsette og innbyggjarar vert behandla i tråd med norsk lovgjevnad.


Avvik og varsling

AVVIK OG VARSLING

Herøy kommune nyttar avvikssystemet Compilo til å registrere og behandle avvik. Avvik er tema i HMS-gruppene, arbeidsmiljøutvalet og i leiar- og avdelingsmøte. Tillitsvalde og verne-tenesta blir såleis involvert i arbeidet med avvik. Vi har likevel grunn til å tru at det finst ein del mørketal innanfor dei ulike avviksområda, og at det kan vere skilnader i tilnærminga avdelingane har til å melde avvik. Generelt ser vi ein auke i registrering av avvik. Det er likevel ulik kultur for å melde avvik i dei ulike sektorane. Ein auke i registrering av avvik kan vi ta som eit signal om auka kunnskap i det å melde avvik.

I 2021 vart det meldt 1086 avvik, knytt til helse, miljø og tryggleik. 99,5 prosent av desse vart lukka. Dei avvika som ikkje vart lukka, er under arbeid. Dette er svært positivt og viser at avvik blir følgd opp gjennom tiltak. Avvik fordelt etter kategori, viser at 49,4 prosent av avvika i 2021 var retta mot teneste/brukar, 25,8 prosent vart registrert innan kategorien HMS og 24,8 prosent av avvika var knytt til interne tilhøve/organisasjon.


Det har ikkje vore varslingssaker i 2021.



AVVIK 1: Diagrammet viser ei opphoping av avvik rundt perioden det er ferie-avvikling, og det er særleg avvik knytt til arbeidsmiljø og det ytre miljø som er markant. Vi kan også legge merke til at avvik for nesten-uhell gjer eit hopp i denne perioden.

Kategori

1. jan. 2021 - 31. des. 2021



AVVIK 2: Majorteten av avvik er knytt til brukar. I alt 707 avvik. Reine HMS-avvik utgjer til saman 370 avvik, medan organisasjonsinterne avvik er 355.

Kvalitet og internkontroll

Kvalitet, internkontroll og HMS heng nøye saman. Å utarbeide god og systematisk kontroll av det som går føre seg i organisasjonen, er ein omfattande og kontinuerleg prosess. Herøy kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo. I dette systemet blir reglement, retningslinjer, rutinar, skildringar av arbeidsprosessar, rettar og pliktar med meir, oppbevart og gjort tilgjengeleg for alle tilsette. Rapportering av avvik og lukking av avvik skjer også i dette systemet. Med utviklinga i talet på avvik, ser vi ein stadig veksande kultur for å bruke Compilo for å betre kvaliteten og sikre eigenkontroll med tenestene.

I Compilo dokumentbibliotek ligg planar for komande aktivitetar og «modellane» for korleis vi skal utføre arbeidet, medan vi i arkivsystemet Acos WebSak Plus skal dokumentere utført arbeid. Dette gir likevel ikkje grunnlag for å etterprøve om dei planlagde aktivitetane faktisk er utført eller ikkje. Kommunen har verken rammeverk eller eit fullgodt system for internkontroll, der vi ser direkte samanheng mellom planlagt og utført arbeid.



Etter at ny kommunelov vart innført i overgangen mellom 2019 og 2020, har kravet og ansvaret administrasjonen har til internkontroll vorte tydlegare. På tampen av 2021 vart det difor tilsett rådgjevar for internkontroll. Dette for å kunne utvikle overordna rammeverk for internkontroll, samt styrke arbeidet med rettleiing og opplæring innan fagfeltet. I samband med dette arbeidet vil det også vere naudsynt å bygge ut eksisterande kvalitetssystem med fleire funksjonalitetar for å tilfredsstille krava i kommunelova.

TILSYN I 2021:

Helse og omsorg:

- Tilsyn Arbeidstilsynet om førebyggjande arbeid/HMS. Kravet i tilsynet vart dels innfridd innan utgangen av 2021.
- Tilsyn Helsedirektoratet om ressurskrevjande tenester, stadleg kontroll. Medførte ingen tiltak.

Samfunnsutvikling:

Tilsyn frå Arbeidstilsynet om oppfølging av regelverk for løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Oppfølging med risikoanalyse etter arbeid var mangelfull og førte til pålegg. Kommunen utarbeidde rutinar og kvitterte ut pålegget. Rutinane er implementert i vidare prosjektarbeid.

Foto: Anita Hjelmeseth



Sosiale medium

Herøy kommune skal vere opne og ærlege i kommunikasjonsarbeidet og vise mangfaldet i tenestetilbodet vårt på ein god måte.

Nettsida er vår hovudkanal for ekstern informasjon, men dei sosiale media vi nyttar er verktøya våre for å nå innbyggjarane effektivt. Det fremjar dialog og samhandling.

I 2021 har vi teke i bruk LinkedIn for å nå fleire målgrupper og vere synlege på ein ny måte når vi skal rekruttere tilsette.

Vil du jobbe med os



I tillegg finn du Herøy kommune også på:

- Facebook
- Instagram
- LinkedIn
- Youtube
- Messenger

Har du lyst å lese meir om dette?

Fulstendig oversikt finn du i kommunikasjonsstrategien til Herøy kommune. Du finn den ved å søke på nettsida eller ved å følgje [lenkja her](#).

Foto: Iselin Nevstad Øvrelid

s?







Økonomi

Herøy kommune klarte ikkje dei økonomiske målsetjingane sine i 2021. I vedtaket til budsjett (punkt 5) står det:

- *Netto driftsresultat skal utgjere minimum 1,75 % av drifts-inntektene seinast innan 2026.*
- *Kommunen sine disposisjonsfond skal utgjere 10 % av samla drifts-inntekter seinast innan 2028.*
- *Kommunen si netto lånegjeld (eks. startlån) skal innan 2030 ikkje overstige 100 % av kommunen sine driftsinntekter.*
- *Kommunen si eigenfinansiering av investeringar skal ligge på 15 % innan 2024.*

I 2021 vart netto driftsresultatet marginalt positivt (kr 233.000,-) av kommunen sine drifts-inntekter. Om kommunen skulle klart målsetjinga ein har sett seg fram mot 2026 burde drifts-resultatet vore positivt og utgjort opp mot 13,5 mill. kr. Kommunen sine disposisjonsfond vil etter rekneskapen er avslutta, utgjere om lag 51 mill. kr. Dette er ein liten reduksjon frå året før på om lag 0,4 mill. kr. For å klare målsetjinga må disposisjonsfonda auke med om lag 26 mill. kr dei neste sju åra.

Per 31.12.21 hadde Herøy kommune ei samla langsiktig lånegjeld på nær 1.010,7 mill. kr (eks. startlån utgjorde gjelda 939,4 mill. kr). Dette utgjør om lag 131,4 % (120,7 % eks. startlån) av kommunen sine driftsinntekter. For å kome ned på vedteke nivå må lånegjelda bli redusert med om lag 160,0 mill. dei neste ni åra. Eventuelt at kommunen sine inntekter vert vesentleg auka.

Dei økonomiske måla

MÅL	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2026.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering, god økonomistyring at folkevalde og administrasjon dreg i same retning.
Korleis måle?	Rekneskap
Status 2020	-0,50 %
Ambisjon 2026	1,75 %
Resultat 2021	0,02 %

MÅL	Driftsfonda skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2028.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og og ikkje bruke midlar dei åra kommunen leverer positive netto driftsresultat
Korleis måle?	Rekneskap.
Status 2020	51.429.000 kr
Ambisjon 2028	77.000.000 kr
Resultat 2021	51.050.000 kr

MÅL	Langsiktig gjeld skal ikkje overstige 100 % av kommunen sine driftsinntekter innan 2030.
Korleis lukkast?	Årlege låneopptak må vere mindre enn dei årlege avdraga.
Korleis måle?	Rekneskap.
Status 2020	125,4 %
Ambisjon 2030	100,0 %
Resultat 2021	120,7 %

MÅL	Kommunen si eigenfinansiering av investeringar skal utgjere 15 % innan 2024
Korleis lukkast?	Lågt investeringsnivå og sal av eigedelar.
Korleis måle?	Rekneskap.
Status 2020	0,0 %
Ambisjon 2024	15,0 %
Resultat 2021	4,0 %

Budsjettgrunnlag

Budsjett for 2021 vart vedteke etter eit fleirtalsframlegg frå Arbeiderpartiet, Kristeleg folkeparti, Senterpartiet og Folkelista. Desse partia la til grunn at det skulle utnemnast ei gruppe som skulle jobbe fram forslag til fritt skuleval, sjå på skulekrinsar og undersøke foreldra sine meiningar kring skulesamanslåingar. Dette arbeidet er gjort og rapport er levert.

Dei folkevalde la også til grunn at sektor for helse og omsorg skulle kutte i reisevaksinering for å styrke skulehelsetenesta, evaluere familiestøtta og evaluere endring i ferieturnusen etter ferien 2021. Også her er evalueringane ferdige og for det siste punktet er nytt vedtak fatta i kommunestyret. Det at ein har kuttet i reisevaksineringa har medført at ein har fått støtta skulehelsetenesta med 0,2 årsverk.

Til slutt hadde fleirtalsframlegget eit ønske om at Herøy gard skal få eit eige ansvar i budsjettet. Dette er gjennomført ved at dette no har blitt ei eiga avdeling i sektor for samfunnsutvikling. Leiar for Herøy gard har i første del av 2021 rapportert til kulturleiar. For andre halvår har leiar rapportert til kommunalsjef samfunnsutvikling, som igjen har rapportert vidare til kommunedirektør og politisk nivå.





Driftsresultat

Herøy kommune sitt brutto driftsresultat var negativt i 2021, slik det også var i 2020. Netto driftsresultatet var marginalt positivt i 2021, medan det var negativt i 2020. Brutto driftsresultat vart 1,1 mill. kr dårlegare i 2021 enn i 2020. Netto driftsresultat vart om lag 4,01 mill. kr betre i 2021 enn i 2020. Dette skuldast blant anna at dei netto finanskostnadane vart mindre i 2021 enn året før trass i at avdragskostnadane auka med 4,7 mill. kr.

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

Rekneskap	Justert		Opphavelag	
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	budsjett 2021	budsjett 2021	Rekneskap 2020
Driftsinntekter				
Rammetilskot	-244 735	-216 300	-211 700	-224 894
Innteks- og formuesskatt	-311 160	-319 000	-311 300	-308 399
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringar og tilskot frå staten	-33 520	-58 331	-62 340	-42 684
Overføringar og tilskot frå andre	-73 020	-55 875	-27 246	-55 216
Brukarbetalingar	-33 394	-29 823	-29 823	-32 015
Sals- og leigeinntekter	-73 079	-50 263	-69 006	-67 258
Sum driftsinntekter	-768 908	-729 591	-711 415	-730 465
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	380 749	358 513	349 186	363 163
Sosiale utgifter	91 199	98 032	95 089	86 469
Kjøp av varer og tenester	220 510	198 895	182 707	207 464
Overføringar og tilskot til andre	40 980	32 070	32 472	40 000
Avskrivningar	39 486	46 105	46 105	36 275
Sum driftsutgifter	772 924	733 615	705 559	733 371
Brutto driftsresultat	4 016	4 024	-5 856	2 906
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-1 900	-2 520	-2 520	-2 322
Utbytte	-7 542	-7 530	-6 600	-7 185
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-6 011	-4 400	-4 400	-1 913
Renteutgifter	13 508	22 660	22 920	16 087
Avdrag på lån	37 182	37 100	39 200	32 452
Netto finansutgifter	35 237	45 310	48 600	37 119
Motpost avskrivningar	-39 486	-38 005	-38 005	-36 275
Netto driftsresultat	-233	11 329	4 739	3 750
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	930
Netto avsetningar til/bruk av bundne driftsfond	612	-2 362	-1 644	2 886
Netto avsetningar til/bruk av disposisjonsfond	-379	-8 966	-3 096	605
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	-8 171
Sum disponeringar/dekning av netto driftsresultat	233	-11 329	-4 739	-3 750
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Nøkkeltal


Stor kostnadsvekst innan
pleie og omsorg og legetenesta.

Låge, frie inntekter.

Lånegjelda er høg.

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:

	Lånegjeld	Disp. fond
2021	1.010.625.000	51.050.000
2020	988.667.000	51.429.000
2019	852.124.000	58.995.000
2018	866.861.000	39.648.000
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000



Kommentarar til driftsrekneskapen

Eit godt netto driftsresultat, store driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på ein sunn kommunal økonomi. Herøy kommune skorar ikkje høgt på nokon av desse punkta og kommunen sine finansar er dårlegare enn gjennomsnittet i KOSTRA si kommunegruppe 1 i 2021.

NETTO DRIFTSRESULTAT

Rekneskapen for Herøy kommune syner eit positivt netto driftsresultat på om lag 0,2 mill. kr. Det er nær 11,6 mill. kr betre enn justert budsjett for 2021. I prosent av samla driftsinntekter utgjør dette om lag 0,02 % medan teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at det bør vere på minst 1,75 % for norske kommunar. Det vil seie at vårt netto driftsresultat i 2021 er om lag 13,5 mill. kr dårlegare enn målsetjinga. Snittet i kommunegruppe 1 for 2021 var på heile 3,6 %.

SKATTEVEKST

Skatteveksten for kommunane var på heile 16 % i 2021. Dette er ein mykje høgare vekst enn det statsbudsjettet for 2021 la opp til. Herøy sin vekst i desse inntektene var imidlertid på svake 0,9 % (2,76 mill. kr). Hadde Herøy kommune hatt ein vekst i skatteinntektene tilsvarende landsgjennomsnittet hadde dette utgjort om lag 49,3 mill. kr.

FRIE INNTEKTER

Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) utgjorde om lag 555,9 mill. kr. Dette er om lag 13,1 mill. høgare enn justert budsjett. Om lag 4,8 mill. kr av dette kom som ei tilleggsløyving i romjula grunna kommunen sine høge kostnader knytt til covid i 4. kvartal. Hadde Herøy kommune hatt lik skattevekst som landsgjen-

nomsnittet (16,0 %) hadde kommunen sine frie inntekter blitt om lag 586,0 mill. kr.

KORT OM DRIFTA

Meirinntektene på skatt og rammetilskot (13,10 mill. kr) og mindreutgiftene innan finans (2,98 mill. kr) var med på å finansiere innsparings tiltaka i budsjettet på totalt 6,5 mill. kr, samt meirforbruket i sektorane/avdelingane på om lag 11,8 mill. kr. Det største meirforbruket var i pleie- og omsorgsavdelinga (10,0 mill. kr), i avdeling for barn, familie og helse (5,0 mill. kr) og i eigeidomsavdelinga (2,2 mill. kr). Dei samla løns- og sosiale kostnadane (med fråtrekk av refusjon sjukeløn) vart om lag 1,2 mill. kr høgare enn budsjettert. I tillegg til dette vart bruken av disposisjonsfond redusert med om lag 8,5 mill. kr samanlikna med regulert budsjett. Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdraga vert rekna ut frå kommunen sine anleggsmidlar, avskrivning og lånegjeld. Det var liten skilnad mellom budsjetterte og reelle avdrag i 2021, men avdragsinnbetalingane i 2021 var i overkant av 4,7 mill. kr høgare enn i 2020. Denne auken skuldast i hovudsak høgare gjeld og mindre unytta lånemidlar enn året ført.

STORE SKILNADER

Sjølv om vi har hatt to større budsjettendringsaker i 2021, ser vi at det framleis er til dels store skilnadar mellom rekneskapstala og justert budsjett på mange av utgifts- og inntektsartane. Særleg gjeld dette utgifter til løn og sosiale utgifter som vart høgare enn budsjettert, medan utgiftene til kjøp av varer og tenester også vart mykje høgare enn budsjettert. Her må ein nemne at løyvingane i budsjett 2021 var mykje lågare enn dei reelle kostnadane på desse postane i 2020.

På inntektssida vart spesielt rammetilskott og salsinntektene høgare enn budsjettet. Både driftsutgiftene og driftsinntektene vart om lag 40,0 mill. høgare enn budsjettet. Ein del av dette skulast nok covid-19-situasjonen der fleire ekstra tildelingar kom seint i rekneskapsåret.

FOND

Ved inngangen av 2021 hadde Herøy kommune nær 51,4 mill. kr i ulike disposisjonsfond. Ved årsskiftet hadde desse blitt redusert til om lag 51,0 mill. kr. Kommunen sine bundne driftsfond var per 01.01.21 på om lag 21,5 mill. kr og per 31.12.21 hadde dei auka til nær 22,2 mill. kr.

Mykje av dei bundne fonda er knytt opp mot ulike sjølvkostområde, øymerka statstilskot og gåvemidlar. Alt dette kan nyttast til driftstiltak (73,2 mill. kr). Dei ulike investeringsfonda vart redusert med om lag 7,8 mill. kr i 2021 og utgjorde totalt 27,2 mill. kr per 31.12.21. Desse midlane kan berre nyttast til investeringsformål, og grunnen til reduksjonen er utbetaling av RDA-midlar til ulike føremål.

PENSJON

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna ut ifrå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert rekna ut på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere ulikskapar mellom desse to summene. Ulikskapen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og denne skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) igjen neste år med 1/7 del per år for premieavvik som har oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 del for premieavvik oppstått frå 2011 og 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått frå 2002 (då ordninga starta) og til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har innverknad på kommunen sin likviditet. Herøy kommune har eit premieavvik på -27,6 mill. kr og eit amortisert premieavvik på 8,6 mill. kr. Det vil seie at rekneskapsførte pensjonskostnader er om lag 19,0 mill. kr lågare enn den faktisk betalte pensjonspremien.

Ny hovudbankavtale



SIGNERING: Bak frå venstre: Ole Magnus Orlien, Sigrun Heltne Vartdal, Geir Egil Olsen. Framme frå venstre: Stig Brautaset og Trond Arne Aglen. Foto: Wenche Moltu

Herøy kommune inngjekk ny hovudbankavtale med Sparebank 1 Søre Sunnmøre med verknad frå 1. september 2021. Sparebank 1 Søre Sunnmøre vann anbuds konkurransen der sentrale moment var betalingsformidling, digitalisering og berekraft. Avtalen er på tre år med høve til å forlenge den med inntil to år. Banken er ein sterk lokal aktør i Herøy kommune og i nabokommunane, og banken er godt posisjonert i konkurransen med andre bankar både når det gjeld vilkår og kvalitet.

NØKKELTAL

		2021	2020
Drift	Skatt	-311 160 000	-308 399 000
	Rammetilskott	-244 735 000	-224 894 000
	Driftsinntekter utan skatt og rammetilskott	-212 934 000	-197 173 000
	Brutto driftsresultat	4 016 000	2 906 000
	Netto driftsresultat	-233 000	3 750 000
	Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	0,002	-0,51 %
	Driftsutgifter	772 924 000	733 371 000
	Netto finanskostnader	35 237 000	37 119 000
Investering	Sum investeringsutgifter	157 520 000	159 876 000
Balanse	Brutto lånegjeld	- 1 012 335 000	-988 667 000
	Netto renteutsett lånegjeld	- 665 800 000	-907 900 000
	Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	65,77 %	124,29 %
	Bruk av lån	-112 813 000	-114 965 000
	Bankinnskott og kontantar	58 187 000	165 566 000
	Kortsiktig gjeld	-132 735 000	-118 895 000
	Langsiktig gjeld	-1 833 823 000	-1 880 854 000
	Disposisjonsfond	- 51 050 000	51 429 000
	Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	6,64 %	7,04 %
	Eigenkapital og gjeld	- 2 508 233 000	- 2 437 536 000
	Anleggsmiddlar	2 244 579 000	2 113 079 000
Resultat/ nøkkeltal	Skattedekningsgrad (skatt i % av samla dr.innt)	40,47 %	42,05 %
	Områda (drifta) si dekningsgrad	27,70 %	27,43 %
	Likviditetsgrad 1	1,98	2,73
	Innbyggjarar	8765	8 858
	Brutto lånegjeld i krone per innbyggjar	115 497	111 613

FORKLARINGAR

Netto renteutsett lånegjeld er brutto lånegjeld minus vidareutlån i Husbanken, minus rentekompenserte lån, minus lån til sjølvkostområdet og minus unytta lånemiddlar.

Skattedekningsgrad syner kor stor del av driftskostnadane som vert finansiert av skatteinntekter. Områda si dekningsgrad syner kor mykje av driftskostnadane som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.

Likviditetsgrad 1 er tilhøvet mellom omlaufsmiddlar og kortsiktig gjeld, og den syner kommunen si evne til å dekkje betalingspliktene framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.

STYRINGSINDIKATORAR OG MÅLTAL

Herøy kommune har ikkje eigedomsskatt og driftsinntekter per innbyggjar er låge samanlikna med mange andre kommunar. Difor må kommunen drifte effektivt.

I Kommunekompasset skora kommunen 4. best av dei undersøkte kommunane i 2020. Under tema styring og kontroll fekk kommunen 67 av 100 poeng. Det er bra, men vi har eit forbettringspotensiale.

I samband med budsjett-handsaminga i desember 2021 vedtok Herøy kommune fire styringsindikatorar som er omhandla under overskrifta økonomi, tidlegare i denne årsrapporten.

NETTO DRIFTSRESULTAT

Sum i 1.000 kr	2021	2020	2019	2018	2017
Netto driftsresultat	-233	3 750	-10 998	674	-9 533
Brutto driftsinntekter i alt	-768.908	-730 465	-713 242	-694 079	-664 603
I % av driftsinntektene	0,002 %	-0,51 %	1,54 %	-0,10 %	1,37 %
Måltal (1,75 %)	-13.455	-12 783	-12 482	-12 146	-11 630
Avvik målt mot måltal	-13.194	-16 580	-1 484	-12 820	-2 097

Tabellen syner at kommunen ikkje har klart målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % dei siste fem åra. Dei fire siste åra har vi mangla nær 46,5 mill. kr på å nå målsetjinga. Det vil seie at Herøy kommune sine driftskostnader er mykje høgare enn dei burde vere, sett i høve til driftsinntektene.

DISPOSISJONSFOND

Sum i 1.000 kr	2021	2020	2019	2018	2017
Disposisjonsfond	51 050	51 429	58 995	50 066	49 702
Brutto driftsinntekter i alt	-768.908	-730 465	-713 242	-694 079	-664 603
I % av driftsinntektene	6,64 %	7,04 %	8,27 %	7,21 %	7,48 %
Måltal (10 %)	76 889	73 046	71 324	69 408	66 460
Avvik mot måltal	-25 941	-19 617	-13 032	-19 342	-16 758

Det kan sjå ut til at Herøy kommune har ei for positiv målsetjing om storleiken på disposisjonsfonda sett i høve til driftsinntektene. Vi ligg langt bak målsetjinga i alle dei fem siste åra. Om vi klarar målsetjinga innan utgangen av 2028 er tvilsamt. Dette basert på erfaringane frå den siste femårsperioden.

RENTE- OG REFINANSIERINGSRISIKO

Herøy kommune si brutto lånegjeld utgjorde om lag 1.010,6 mill. kr ved årsskiftet. Dette er ein auke på nær 30,0 mill. kr frå 2020. Sjølv om lånegjelda vår er høg, må ein vere klar over at ein stor del av den renteutsette delen av gjelda vår er rentesikra. Dersom ein trekkjer frå

unyttta lånemidlar (26,2 mill. kr) og vidareutlån (81,6 mill. kr) utgjør netto lånegjeld 902,8 mill. kr. Når ein justerer for lån knytt til sjølvkostområdet (95,0 mill. kr) og berekningsgrunnlaget for rentekompensasjonsordninga (44,0 mill. kr) er den renteeksponerte gjelda på 763,8 mill. kr. Om ein også trekkjer frå renteberande likviditet frå

aktiv forvaltning (98,0 mill. kr) utgjør netto renteutsett gjeld 665,8 mill. kr. Då står det att om lag 275,0 mill. kr sikra gjennom fastrentelån og den resterande delen er renteutsett (390,8 mill. kr). Netto finanskostnader vil difor auke med nær 3,9 mill. kr ved ein renteauke på 1,0 %.

Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid går fram av tabellane under. Porteføljen og marknadsrenter per 31.12.2021.

Vekta gjennomsnittsrente	P.T. Kommunalbanken	Norges Bank (Styringsrente)	3. mnd NIBOR	6. mnd NIBOR	3. års SWAP	5 års SWAP
1,33 %	1,30 %	0,50 %	0,97 %	1,13 %	1,95 %	2,71 %

Intervall	Pålydande i NOK	Rentebindingstid	Del	Akkumulert del
Under 1 år	412 516 528	0,51	40,80	40,80
1-2 år	240 372 500	1,58	23,78	64,58
2-3 år	165 000 000	2,85	16,32	80,90
3-5 år	113 008 167	4,67	11,18	92,08
Over 5 år	80 097 371	12,48	7,92	100,00
SUM	1 010 994 566	2,56		100,00

LIKVIDITET

Likviditeten gjennom 2021 var skiftende. Den var god 1 halvår, men i månedsskiftet oktober/november måtte vi ta opp ein driftskreditt på 50,0 mill. kr som vart innfridd/sletta i byrjinga av januar. Ein av grunnane til dette var at vi 1 januar hadde 91 mill. kr i unytta lånemidlar og at vi brukte om lag 67,3 mill. kr av dette gjennom 2021. Elles har kommunen, som nemnt tidlegare i årsrapporten, om lag 90,0 mill. kr i ulike verdipapir (aksjar, aksjefond, obligasjonar og pengemarknadsfond) som kan seljast og brukast i drifta.

AKTIV FORVALTING

Ved årsskiftet hadde Herøy kommune totalt 87,4 mill. kr under aktiv forvaltning gjennom avtalen med Bergen Capital Management AS. I tillegg til dette har kommunen plasseringar i pengemarknadsfond gjennom Odin Forvaltning AS og Fondsforvaltning AS. Per 31.12.2021 utgjorde desse plasseringane totalt nær 10,6 mill. kr.

Instrument	Kapital pr 31.12	Avkastning i kr i 2021	Avkastning i % i 2021
Obligasjonar	57 463 870	560 035	0,94
Aksjar	22 901 632	5 244 448	24,07
Pengemarknadsfond	10 571 666	79 598	0,76
Bankinnskot	7 062 841		
SUM	98 000 009	5 884 046	6,47

I 2021 var avkastninga god. Spesielt gjeld dette kommunens portefølje av einskildaksjar og aksjefond. Sjølv om avkastninga på obligasjonsporteføljen og pengemarknadsfonda ikkje var spesielt høg, låg begge over samanlikningsindeksane.

I tillegg til dei likvide midlane over, hadde kommunen om lag 51,1 mill. kr i andre bankinnskot ved årsskiftet. Dette inkludert RDA-midlane.

Investeringsrekneskapen

Herøy kommune investerte for nær 157,5 mill. kr i varige driftsmidler i 2021.

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering

Rekneskap

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Justeringar 2021	Opphavelag budsjett 2021	Rekneskap 2020
Investeringsutgift					
Investeringar i varige driftsmiddel	144 452	229 263	182 351	46 913	150 872
Tilskot til andre sine investeringar	11 238	0	0	0	5 734
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	1 831	100	100	0	1 820
Utlån av eigne middel	0	0	0	0	1 450
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgift	157 520	229 363	182 451	46 913	159 876
Investeringsinntekt					
Kompensasjon for meirverdiavgift	-23 713	-29 698	-22 486	-7 213	-23 046
Tilskot frå andre	-7 929	-7 000	-7 000	0	-7 832
Sal av varige driftsmiddel	-6 749	-3 000	0	-3 000	1 217
Sal av finansielle anleggsmiddel	-122	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	-8 740
Bruk av lån	-112 810	-184 665	-152 865	-31 800	-114 965
Sum investeringsinntekt	-151 324	-224 363	-182 351	-42 013	-153 365
Vidareutlån					
Vidareutlån	21 028	0	0	0	320
Bruk av lån til vidareutlån	-19 157	0	0	0	-320
Avdrag på lån til vidareutlån	3 911	0	0	0	3 967
Mottekne avdrag på vidareutlån	-4 185	0	0	0	-7 321
Netto utgift vidareutlån	1 597	0	0	0	-3 355
Overføring frå drift og netto avsettingar					
Overføring frå drift	0	0	0	0	-930
Netto avsetn til /bruk av bundne investeringsfond	- 10 806	0	0	0	-406
Netto avsetn til / bruk av ubundne investeringsfond	3 012	-5 000	-100	- 4 900	-1 820
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-7 793	-5 000	-100	- 4 900	-3 156
Framført inndecking i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsm. meirforbruk	0	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)					
Inntekter til fordeling	0	-	-	-	0
Utgifter til fordeling	157 520	-	182 451	46 913	159 876
Sum til fordeling (netto)	157 520	-	182 451	46 913	159 876

Kommentarar til investeringsrekneskapen

Herøy kommune investerte for nær 144,5 mill. kr i 2021. I tillegg ytte kommunen RDA-tilskot på om lag 9,7 mill. kr og ytterlegare 1,8 mill. kr vart brukt til å auke eigenkapitalinnskotet i KLP. Totalt blir dette om lag 157,5 mill. kr. Totalt seks investeringsprosjekt hadde ein bokført kostnad på meir enn 10,0 mill. kr inklusive mva. i 2021.

- **Tilbygg Herøy rådhus (Rådhusgata 7)** kom på 31,1 mill. kr i 2021. Frå byggestart og fram til årsskiftet er kostnadane passert 64,7 mill. kr inkl. mva. Om vi trekk ut mva. er netto-kostnadane så langt 53,5 mill. kr medan budsjettet for heile prosjektet var på 46,0 mill. kr. Mest sannsynleg vil meirforbruket på dette prosjektet bli på om lag 8,5 mill. kr.
- **Nye lokalitetar Bergsøy skule (5. – 7. trinn)** hadde kostnadar i 2021 på 21,3 mill. kr inkl. mva. Prosjektet fekk først budsjettløyving i 2022. Lokalitetane vert ferdigstill 1. tertial 2022 og totalprisen inkludert mva. vil truleg bli på om lag 24,2 mill. kr (nær 20,0 mill. kr ekskl. mva.). Her kan det kome til kostnadar knytt til leikeområde.
- **Nørvåg.** Oppgradering og etablering av fortau og opparbeiding av kloakk med ein kostnad i 2021 på 15,0 mill. kr inklusive mva. Frå oppstart på prosjektet og fram til 31.12.21 var kostnadane på 19,7 mill. kr (17,5 mill. eksklusiv mva.). Budsjettløyvingane er på i overkant av 10,0 mill. kr. Tek ein med prosjekta ny bru og steinfylling til Vågsholmen og gangbru frå Vågsholmen over sundet til Fosnavåg, får ein samla kommunal kostnad på om lag 23,2 mill. kr ekskl. mva.
- **Fasaderehabilitering Herøy kulturhus** hadde rekneskapsførte kostnadar i 2021 på 14,9 mill. kr inklusive mva. Frå byggestart og fram til ferdigstilling 1. tertial 2022 vil kostnadane inklusive mva. utgjere om lag 25,0 mill. kr (om lag 22,0 mill. kr ekskl. mva.). Budsjettløyvinga er på om lag 18,6 mill. kr ekskl. mva.
- **Byggefelt Bø-Arhaug** hadde ein kostnad i 2021 på 12,2 mill. kr i 2021. Tek ein med alle kostnadane totalt i prosjektet (ekskl. grunnkjøp) vil desse truleg bli på nær 23,0 mill. kr inkl. mva. (om lag 18,7 mill. kr ekskl. mva.). Byggefeltet er ferdig og tomtesalet har starta.
- **Nye kaier Mjølstadneset.** Prosjektet starta opp 4. kvartal 2021 og kostnadane dette året vart på om lag 12,0 mill. kr inkl. mva. Prosjektet skal vere ferdigstilt innan utgangen av 3. kvartal 2022.
- **Den nye brannstasjonen** på Eggesbønes vart ferdigstilt og tatt i bruk i 2021. Totalpris ekskl. mva. vart på om lag 41,4 mill. kr og budsjettet er på om lag 38,5 mill. kr.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, er det ført kostnadar på om lag 45 større og mindre prosjekt i 2021.

Herøy kommune betalte ut om lag 9,7 mill. kr av RDA-midlane i 2021. Av dette gjekk 7,0 mill. kr som delfinansiering av Einehallen (fleirbruks-hallen ved Einedalen skule).

EIGEDELAR OG OMLAUPSMIDDEL

Bankinnskott vart redusert med heile 67,3 mill. kr i 2021. Dette er om lag same sum som reduksjonen i unytta lånemidlar (67,4 mill. kr).

Premieavviket auka med heile 20,8 mill. kr i 2021 og er på heile 62,7 mill. kr. Denne summen må utgiftsførast i driftsrekneskapen dei neste 7-8 åra. Som følge av dei store investeringane i 2021 auka balanseverdiane på faste eigedomar og anlegg med om lag 100,0 mill. kr.

§ 5-8. Balanserekneskapen		Rekneskap	Rekneskap
Tal i 1000 kroner		2021	2020
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel	Faste eigedomar og anlegg	1 154 074	1 055 017
	Utstyr, maskinar og transportmiddel	28 870	29 364
Finansielle anleggs-middel	Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	96 614	94 784
	Utlån	80 390	66 279
	Pensjonsmiddel	881 517	867 636
Sum anleggsmiddel		2 241 465	2 113 079
Omløpsmiddel			
Finansielle omløpsmid-del	Bankinnskott og kontantar	58 187	165 566
	Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	90 197	84 077
Kortsiktige fordringar	Kundefordringar	3 425	9 932
	Andre kortsiktige fordringar	49 097	23 003
	Premieavvik (kortsiktige fordringar)	62 749	41 879
	Sum omløpsmiddel	263 654	324 457
Sum eigedelar		2 505 119	2 437 536

EIGENKAPITAL OG GJELD

Unytta lånemidlar vart redusert med 67,4 mill. kr i 2021 og utgjorde om lag 23,7 mill. kr per 31.12.2021. Den langsiktige gjelda auka med vel 20,6 mill. kr.

Totale fond (drifts og investeringsfond – bundne og ubundne fond) utgjorde per 31.12.2021 om lag 100,4 mill. kr.

Dette er ein reduksjon på om lag 7,6 mill. kr samanlikna med året før. Denne reduksjonen skuldast at dei bundne investeringsfonda har blitt redusert med 10,8 mill. kr (vesentleg utbetalte RDA-midlar).

EIGENKAPITAL OG GJELD		Rekneskap	Rekneskap
Eigenkapital drift		2021	2020
Eigenkapital drift	Disposisjonsfond	-51 050	-51 429
	Bundne driftsfond	-22 164	-21 552
Eigenkapital investering			
Annan eigenkapital	Ubundne investeringsfond	-12 793	-9 780
	Bundne investeringsfond	-14 421	-25 226
	Kapitalkonto	-376 740	-321 346
Prinsippendringar arbeidskapitalen drift		-8 454	-8 454
Sum eigenkapital		-485 621	-437 787
Langsiktig gjeld			
Lån	Gjeld til kredittinstitusjonar	-758 275	-737 667
	Obligasjonslån	-141 000	-141 000
	Sertifikatlån	-111 350	-110 000
	Pensjonsforplikting	-877 847	-892 187
	Sum langsiktig gjeld	-1 888 847	-1 880 854
Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	-20 429	-39 856
	Likviditetsslån	-33 076	0
	Derivat (kortsiktig gjeld)	-23 074	-19 709
	Annan kortsiktig gjeld	-53 650	-57 564
	Premieavvik (kortsiktig gjeld)	-797	-1 766
	Sum kortsiktig gjeld	-131 026	-118 895
	Sum eigenkapital og gjeld	-2 505 119	-2 437 536

Budsjettavvik

I kommunelova § 14-7 bokstav b, står det at ein i årsrapporten skal gjere greie for «*vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*».

Ser ein på kommunestyret sitt budsjettvedtak samt dei budsjettendringssakene som vart politisk handsama gjennom 2021, er det tre område som har eit meirforbruk (netto) på meir enn 10 %. Totalt er det ni område som har eit meirforbruk, og 12 område som har eit mindreforbruk.

Dei folkevalde hadde eit totalt meirforbruk på 0,61 mill. kr (15,8 %) i 2021. Meirforbruket er blant anna knytt til mykje høgare møtegodtgjersle enn budsjettet. Elles er det brukbart samsvar mellom rekneskap og budsjett på dei andre postane.

Servicetorget hadde eit meirforbruk på 0,40 mill. kr (11,5 %). Mesteparten av dette er knytt til overtid pandemi og til at salsinntektene var mindre enn budsjettet. Avdelinga hadde kostnader knytt til covid-19 på i overkant av 0,8 mill. kr, men berre 0,16 mill. kr av dette vart kompensert gjennom budsjettendringar i 2021. Noko av dette kan skuldast at utgiftene knytt til dette var spesielt høge i 4. kvartal (0,7 mill. kr) og kompensasjonen for dette kom i slutten av desember og vart dermed ikkje budsjettregulert.

Pleie- og omsorgsavdelinga hadde eit meirforbruk samanlikna med regulert budsjett på 11,77 mill. kr (9,6 %). Avdelinga hadde eit meirforbruk i 2020 på 7,9 mill. kr og utgiftene i 2021 var om lag 8,3 mill. kr høgare enn opphavelag budsjett. Budsjettløyvinga for 2021 var nok ikkje reell i høve til behovet. Meirforbruket skuldast i hovudsak fleire brukarar med større hjelpebehov. Alle hovudpostane for utgifter har eit meirforbruk. Kostnadane til kjøp frå andre er ein del høgare enn budsjettet. Dette gjeld stort sett kjøp av BPA-tenester (brukarstyrt personleg assistent). Hovudposten kjøp av varer og tenester i kommunal eigenproduksjon synte eit meirforbruk på 3,6 mill. kr og inntektssvikten var på om lag 2,3 mill. kr. Samla lønskostnader (inkludert refusjon sjukeløn) vart om lag som budsjettet.

Avdeling barn, familie og helse hadde eit samla meirforbruk på nær 6,4 mill. kr (13,3 %). Her kan ein nemne at det var legetenestene som hadde eit stort meirforbruk, medan dei andre tenestene leverte eit mindreforbruk. No er det også slik at legetenestene hadde eit meirforbruk knytt til covid-19 på om lag 3,0 mill. kr i 3. kvartal 2021, men i og med at midlane for dette vart utbetalt i romjula, fekk vi ikkje justert opp budsjettet her. Barnevernstenesta er organisatorisk lagt inn under barn, familie og helse og dei hadde eit mindreforbruk i 2021 på nær 1,55 mill. kr.

Eigedomsavdelinga hadde eit meirforbruk på i overkant av 2,0 mill. kr. Alt meirforbruket i denne avdelinga skuldast at det har vore store behov for omfattande renoveringar av eigedomsmassen, i tillegg til at større og nødvendig vedlikehaldsarbeid vart utført på fleire bygg utan at avdelinga bad om tilleggsløyvingar.

Risikoar for den økonomiske utviklinga

Økonomien i kommunen er stram, og med det ein kjenner til per i dag, vil det halde fram. Budsjetta og økonomiplanane som vert vedtekne er gjort opp i balanse og for å klare dette brukar ein av disposisjonsfonda. Om ein held fram på dagens driftsnivå utan å gjere større grep vil desse reservane vere brukt opp om få år.

Kommunestyret har vedteke økonomiske nøkkeltal og for å kunne nå desse, må ein vere medvitne på dei vala ein tek framover, og ikkje utsetje årstala for når desse måla skal vere nådd.

LÅNEGARANTIIAR

Kommunen har gitt store lånegarantiar. Total har dei ein restsum per 31.12.21 på om lag 157,4 mill. kroner. Av dette har kommunen garantert for om lag 62,28 mill. kr til lag og organisasjonar (det meste til private vassverk), 11,94 mill. kr til private barnehagar, 40,75 mill. kr til aksjeselskap der kommunen er majoritetseigarar og 42,43 mill. kr til kommunale selskap (KF m.fl.). Det er klart

at dette garantiansvaret representerer ein stor økonomisk risiko.

Det akkumulerte premieavviket pensjon (inkludert arbeidsgjevaravgift) aukar framleis og utgjer ved årsskiftet vel 54,3 mill. kr. Dette er ein auke på om lag 19,0 mill. kr sidan siste årsskiftet. Dette er kostnader som over tid må utgiftsførast i kommunerekneskapen og det utgjer såleis ein stor økonomisk risikofaktor.


LÅNEGJELDA

Når det gjeld lånegjelda er noko av denne sikra med fastrenter. Likevel er størstedelen av gjelda av kortsiktig karakter, og vi har difor både ein refinansieringsrisiko og ein renterisiko. Sistnemnde vil utgjere ein årleg meirkostnad på vel 6,5 mill. kr om rentenivået aukar med 1 % per år. Norges Bank har varsla sju rentehopp dei næraste to åra dvs. ein auke på 1,75 %. Det vil seie at kommunen sine rentekostnader kan auke med 10,8 mill. kr i løpet av to år.

DISPONERING AV EKSTRA-ORDINÆRE MIDLAR PÅ PREMIEFONDET I KLP

I F-sak 139/21 vart det tilrådd å ikkje bruke av dei ekstraordinære midlane på premiefondet for å redusere kommunen sine driftskostnader dei komande åra. Når denne tilrådinga vart handsama i kommunestyret i K-sak 109/21 vart det mot 13 røyster vedteke å utsetje handsaming av saka.

I samband med handsaminga av budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vart det vedteke å bruke midlane på premiefondet som eit salderingstiltak for å få budsjett og økonomiplanen i balanse.



Utviklingstrekk og analysar

Befolkningsveksten i Herøy har stagnert og kommunen har hatt ein svak nedgang i tal på innbyggjarar dei siste 5 år. Utviklinga i demografien syner jamn nedgang i folketalet: med særleg færre barn og unge, men fleire eldre. I SSB sitt hovudalternativ for folketalsframskriddingar til 2030 ser vi ei ytterlegare forsterking av denne utviklinga.




Folketalsutvikling på krinsnivå

Kartet, som er henta frå fylkesstatistikken 2021, viser kva krinsar som har folketalsvekst og -nedgang dei siste fem år.

Prosentvis har øvre Fosnavåg og Sævik størst nedgang, medan Leine, Straumane og Nørvgå har hatt størst vekst.

Når det gjeld barn og unge (0-15 år) er der størst konsentrasjon på Eggesbønes, Leine, Kvalsund, Frøystad og Elsebø. Færrest born er det på Gjerntnes, Runde, Sævik og Fosnavåg sentrum. Ei komplett oversikt på krinsnivå finn ein i fylkesstatistikken (mrfylke.no).



KOMMUNEBAROMETERET

Herøy 2018 – 2019 – 2020 – 2021

Kommunebarometeret brukar fire typar tal for å målsette kommunane sine prestasjonar innanfor dei ulike sektorane:

- Nøkkeltal frå statistikk.
- Karakter er prestasjon sett opp mot andre kommunar.
- Poengsum basert på karakterane for nøkkeltala.
- Rangering er kva plass på liste, etter poengsum.

Tabellen til høgre syner utviklinga dei siste fire åra.

	2018	2019	2020	2021
Totalt	121	70	201	188.
Grunnskule	133	145	150	97.
Pleie og omsorg	303	253	302	194.
Barnevern	123	191	284	245.
Barnehage	326	127	203	252.
Helse	375	231	356	309.
Sosial	108	127	55	89.
Kultur	244	273	261	218.
Miljø og ressursar	164	142	106	135.
Sakshandsaming	103	131	343	167.
Vatn og avløp	104	208	393	345.
Økonomi	342	323	299	311.
Kostnadsnivå	86	85	97	112.

Foto: Adobe Stock





Verksemdstyring

Kommunedirektør: Trond Arne Aglen




Vi håpte og trudde at 2021 skulle verte eit år der pandemi- og beredskapsarbeid ikkje skulle prege oss i like stor grad som i 2020. Det vart ikkje slik vi hadde tenkt i verksemdstyring heller, men på slutten av året kunne vi omsider sjå eit taktskifte i horisonten frå nasjonale styresmakter då omikron-varianten av koronaviruset nådde Herøy.

Vi har fått til mykje i sektoren, trass i pandemi. Dei folkevalte vedtok ny grafisk profil som har gitt oss eit viktig løft knytt til fornying og

modernisering, samstundes som vi held på det viktige ved identiteten vår. Kommunikasjonsavdelinga ferdigstilte ny kommunikasjonsstrategi på slutten av året, og vi låg heilt i teten om å verte kåra til årets nynorskkommune. Vi nådde ikkje heilt opp, men held fram språksatsinga vår og fokuset på eit klart og godt språk i heile organisasjonen, på nynorsk.

Eit stort og godt arbeid har vore gjort av HR/HMS-avdelinga og økonomi-avdelinga knytt til innføring av nytt HR- og økonomisystem.

I tillegg var 2021 valår og service var ansvarlege for innføring av nytt sak- og arkivsystem. Vi har mykje å vere stolte av.



Overordna mål:

- Vi skal jobbe for å vere ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling.
- Sikre etterleving av lover og forskrifter.
- Vi skal kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene.
- Sikre gjennomføring av politiske vedtak.

TETT SAMARBEID MED SMITTESPORING OG VAKSINASJON

Kommunikasjonsavdelinga har vore tett på både smittesporing og vaksinasjonsarbeidet for å halde innbyggjarane våre oppdaterte gjennom heile året på aukande smittetal og både 1., 2., 3. og for nokre 4. vaksinedose. Strategien gjennom pandemien har vore rask, open og ærleg kommunikasjon. Det fekk vi erfare viktigheita av då vi hausten 2021 fekk eit smitteutbrot ved seksjon blå i pleie- og omsorgsavdelinga.

KARTLA OG TOK LÆRDOM

Hendinga avdekte at vi har stort fokus på arbeidsoppgåvene våre, men i ei langvarig krisehandtering med mange og raske endringar frå sentrale helsestyresmakter, må vi ha større fokus på å sikre gode rutinar for internkontroll og oppfølging. Det er leit at dei mest sårbare skulle bli ramma av eit smitteutbrot, og spesielt fordi nokre kunne ha fått den tredje vaksinedosen sin noko tidlegare. Hendinga resulterte i ein omfattande rapport til Statsforvaltaren, der vi undersøkte, kartla og tok lærdom. 2021 var også året då vi fekk på plass internkontroll i verksemdstyring. Ein viktig funksjon for oss, og for dei andre tre sektorane, som sikrar at vi følgjer krava i den nye kommuneloven.

OMORGANISERING

Såleis vart 2021 det året då vi «rigga laget». For meg har det vore viktig å organisere mine tilsette på ein best føremålstenleg måte. Dei fire avdelingane i verksemdstyring er viktige støttefunksjonar, både for meg som kommunedirektør, men også for resten av organisasjonen. Det at vi samla arkiv og politisk sekretariat saman med service har styrka avdelinga. Ei styrking har også skjedd ved å trekke kommunikasjon ut av service.

Å synleggjere det omfattande kommunikasjonsarbeidet saman med beredskapsarbeidet i avdelinga har vore svært viktig. Det at personal- og organisasjonsavdelinga har blitt til HR/HMS, viser at vi har endra det overordna fokuset på avdelinga. Helse, miljø og tryggleik skal spegle att kvalitetsarbeidet i organisasjonen. Vi starta arbeidet med å revitalisere avviks- og kvalitetssystemet vårt, Compilo, og det arbeidet skal vi slutføre i 2022. Vi skal utnytte dei programma vi har best mogleg, til det beste for organisasjonen.

LEVERER GODT

På tross av at avdelingane driv under stramme rammevilkår, er eg stolt over det vi får til saman. Eg kjenner no at funksjonane i verksemdstyring har fått den plassen dei skal ha. Knytt til ressursar i avdelingane i verksemdstyring, leverer vi godt, trass at vi er beskjedne når det gjeld ressursar samanlikna med andre kommunar vi kan samanlikne oss med.

STORE OMVELTINGAR

Økonomiavdelinga har saman med HR/HMS brukt mykje tid på å førebu overgangen til nytt HR- og økonomisystem – Visma. Når alt er på plass, vil dette gi oss eit godt, overordna styringssystem, som vil legge til rette for at vi kan styrke kontroll og oppfølging. Vidare fekk vi landa ny hovudbankavtale med Sparebank 1 Søre Sunnmøre. Det at vi fekk flytta startlån og bustøtte til økonomiavdelinga, har ført til at vi no er den kommunen i landet som har hatt størst vekst i ordninga med Husbanken. Resultatet er: Ingen restansar og klagesaker.

TETTARE OG PÅ TVERS

Eg er stolt av løysingsorienterte tilsette med stort engasjement og fokus på sine fagområde, og som er ærekjære på å levere gode

tenester. 2021 har vore eit år der vi på mange måtar har jobba enda tettare på kvarandre på tvers av sektorar.

Kommunikasjonsavdelinga har arbeidd fram fleire store filmprosjekt, der eg særskild vil trekke fram arbeidet med Helseplattformen som sette oss på kartet, ikkje berre i sjustjerna, men i heile innføringsregionen. Likeins skal vi synleggjere planen vår for klimatiltak og berekraft. Gjennom å vise handling, kan kommunane ta samfunnsansvaret med å endre haldningar. Dette skal vi også kommunisere på ein ærleg og god måte, med våre styrker og svakheiter, utan å framstille oss som betre enn vi er.

VAL OG PANDEMI

I service arbeidde ein mykje med innføring av nytt sak- og arkivsystem og organisering av stortings- og sametingsvalet hausten 2021. Det var utfordrande å legge til rette for val med dei smittevernrutinane som låg til grunn både før og etter valet. Med stor grad av fleksibilitet og fokus på førehandsrøysting, vart det eit godt gjennomført val.

NY GRAFISK PROFIL

2021 gav oss også nytt intranett, som legg til rette for ein mykje betre flyt av interninformasjon til alle tilsette. I tillegg fekk vi ein ny heilskapleg grafisk profil til sommaren 2021, som har gitt oss eit nytt og moderne uttrykk. Det er såleis også ei form for styringsverktøy for oss, ved at vi kan skape ei heilskapleg profilering av organisasjonen. Dette arbeidet har gitt oss eit stort løft, og styrkar vi-kjensla ved at vi alle, på tvers av fagområde, er Herøy kommune.

KVARDAGSLEIING

Likevel er Herøy kommune alltid i endring. Vi jobbar med å styrke kvardagsleiinga vår, og har halvårlege samlingar der leiarar på alle

nivå samlast til aktuelle tema. Vi har fokus på systematisk arbeid med heiltidskultur, kompetanseheving og rekruttering. HR/HMS-avdelinga og kommunikasjonsavdelinga jobbar tettare på no, enn nokon gong før, knytt til synleggjering og rekruttering. Vi har teke steget i å ta meir aktivt i bruk LinkedIn som eit strategisk verktøy i sosiale medium. Målet er å synleggjere oss i større grad, for på langsiktig vis byggje omdøme og kunne rekruttere nye tilsette med rett kompetanse. Dette må vi gjere på ein måte der vi nyttar eit klart og godt språk, skildrande bilete og kvalitetsfilmar i rekrutteringsprosessane våre for å nå den ønskja målgruppa.

STYRKE KOMPETANSEN

Som HR/HMS-avdelinga har peika på tidlegare i årsrapporten, har vi mange tilsette over 50 år og oppover mot pensjonsalder. Det betyr at vi i dei komande åra, har behov for å rekruttere mange nye tilsette når stadig fleire skal over i pensjonstilværet. Derfor vert fokuset på rekruttering viktigare enn nokon gong for å sikre oss rett og kompetent arbeidskraft. I takt med aukande kompetansekrav, jobbar vi med å styrke kompetansen både hos allereie tilsette og nytilsette. Vi er i ferd med å lukkast med det, men det lovpålagde har sin pris. Det gir ikkje nødvendigvis ei økonomisk innsparing når ein aukar kvaliteten på organisasjonen.

FORVALTNINGSREVISJON

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har hatt kontroll på frammøtereregistrering og overført ferie. I internnotat frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon kom det krav om å skjerpe rutinane grunna avvik i kontroll på frammøtereregistrering og overføring av ferie. Kravet er innfridd gjennom utvida kontrollrutinar.



Service

Leiar: Frode Hammerseth

DRIFT

1. mai 2021 vart to avdelingar til ei, då dokumentsender og politisk sekretariat vart slått saman med servicetorget. Den nye avdelinga fekk namnet service.

2021 var mykje prega av koronahandtering og smittevern. Det vart lagt ned ein stor innsats i å ringe dei eldste innbyggjarane våre for å tilby koronavaksine, samstundes med handtering av vanleg drift og større prosjekt som innføring

av nytt saks- og arkivsystem.

Vi måtte etter kvart tilsette midlertidig, ekstra ressurs for å avhjelpe koronatelefonen. I tillegg fekk vi tilsett politisk sekretær i tidsavgrensa stilling.

Vi har delt ut sjølvtestar i stort omfang, noko som har vore viktig for tilgjengelegheita for innbyggjarane våre. I tillegg var det valår, og med ein pågåande pandemi og rekordmange førehandsrøyster, er vi godt nøgde med den praktiske gjennomføringa av valet.

ØKONOMI

Budsjett/rekneskap 2021 under service omfattar også kommunikasjon, innkjøp, dokumentsender og politisk sekretariat.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	6,4	5,7	7,2
Budsjett	7,4	6,2	6,4
Avvik	1,0	0,5	-0,8
Årsverk			6
Tilsette			7



Kommunikasjon

Leiar: Iselin Nevstad Øvrelid

DRIFT

Kommunikasjon vart eiga avdeling 1. mai som ein del av reorganiseringa i sektor verksemdstyring. Heile organisasjonen er i aukande grad opptekne av og ser verdien av å synleggjere tenestetilbodet vårt. Derfor er kommunikasjonsarbeidet så viktig. I tillegg til vanleg drift har vi arbeidd mykje med utforming av planar, klarspråkarbeid, ulike filmprosjekt og ikkje minst beredskapsarbeid. 2021 har vore eit svært arbeidskrevjande år knytt til pandemiandtering og vi har produsert om lag 230 pressemeldingar berre knytt til smitterapportering og vaksinasjonsinformasjon. Samar-

beidet på tvers har vore heilt unikt. Vi er også stolte av å ha fått landa arbeidet med ein ny grafisk profil i samarbeid med Cann. Arbeidet med ny kommunikasjonsstrategi vart ferdig på slutten av året, og vart handsama politisk rett inni det nye.

Den nye språklova understrekar plikta kommunen har om å kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. Dette arbeidet viste synleg effekt då vi i 2021 vart nominert til årets nynorskommune. På filmfronten har vi også levert godt. Vi kan særleg kan trekke fram Hel-seplattformen-filmen som vi

produserte for kommunane i sjustjerna. Vi har hatt ein kraftig auke i følgjarar i dei sosiale media vi nyttar. Det fortel oss at det vi produserer er relevant og til nytte.

ØKONOMI

Kommunikasjonsavdelinga fekk eige budsjett først frå 2022. Budsjett/rekneskap ligg under service.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	-	-	-
Budsjett	-	-	-
Avvik	-	-	-
Årsverk			2,1
Tilsette			3



Økonomi

Leiar: Geir Egil Olsen

DRIFT

Økonomiavdelinga i Herøy har ansvaret for å føre Herøy kommune sin rekneskap etter gjeldande lover å reglar. I tillegg er avdelinga ansvarleg for rekneskapsføringa til seks andre rekneskap. Andre viktige oppgåver er ulike rapporteringar, AltInn, budsjett, budsjettkontrollar og finans. Avdelinga skal også gi støtte til andre i organisasjonen når det gjeld rekneskap og budsjett.

Det faglege nivået i avdeling er godt og gjennom nettkurs og opplæring fokuserer vi på dette gjennom eit nytt krevjande år.

I 2021 gjorde sjustjerna vedtak om innføring av nytt økonomi og HR-system med oppstarts-dato 1. januar. I 4. kvartal 2021 gjekk det med mykje tid til å førebu dette skiftet med bl.a. utarbeiding av ny kontoplan, der spesielt ansvarskontoplanen var tidkrevjande.

ØKONOMI

Rekneskapen syner eit mindreforbruk: Fleire grunnar til dette bl.a. lønn og sjukelønsrefusjonar, lågare driftskostnader og høgare driftsinntekter enn budsjettert.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	4,9	4,4	3,9
Budsjett	5,4	5,2	5,3
Avvik	0,5	0,8	1,4
Årsverk			6
Tilsette			7



HR/HMS

Leiar: Ann Kristin Eiken

DRIFT

Vårt ansvar er i stor grad å bygge opp under og sikre trygg drift av organisasjonen, med å gi leiarane støtte innan løn, personal, rekruttering, HMS, opplæring m.m. Den viktigaste hendinga HR/HMS avdelinga i 2021 var innføringa av Visma Enterprise som starta hausten dette året, der vi har hatt ei leiande rolle. Mykje av hausten gjekk med til å delta på kurs, bygge opp det nye systemet og melde inn data i samband med etablering. Ved utgangen av året var vi klare til å køyre prøveløn. Avdelinga har forventningar til at fleire av arbeidsproses-

sane vil bli digitaliserte kommande åra. Dette vil medføre reduksjon i mykje av punsjearbeidet. Systemet har gjennom utprøving vist at informasjonsflyten mellom avdelingane og HR/HMS-avdelinga fungerer godt. Systemet gir oss opplysningar i sann tid, i tillegg til å vere eit styringsverktøy. Dette året har fleksitidsreglementet blitt revidert, og vi har forhandla nytt reglement for briller. I tillegg er det utarbeidd retningslinjer for habilitet i samband med rekruttering og tilsettingsforhold i Herøy kommune. Lønsforhandlingane på hausten vart gjennomført utan brot. Våren 2021 hadde avde-

linga opplæring for leiarar i oppvekstsektoren, der tema var sjukefråvær. Hausten hadde vi opplæring for leiarar i utvida leiar møte med ulike tema frå HR og HMS-området.

ØKONOMI

Lønsmidlar til vernetenesta, HTV og lærlingar ligg også i talgrunnlaget til avdelinga.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	6,3	7,4	8,3
Budsjett	7,3	8,0	7,9
Avvik	1,0	0,6	-0,4
Årsverk			4
Tilsette			4



DEN DIGITALE KVARDAGEN:

Sjølvs om digitale verktøy aldri kan erstatte fysiske besøk og møte med nære og kjære, har det likevel vore til god hjelp under pandemien for å halde kontakt når samfunnet har vore prega av restriksjonar og nedstenging. Foto: Adobe Stock.

Helse og omsorg

Kommunalsjef: Renathe Rossi-Kaldhol




I 2021 har helse og omsorg hatt fokus på å handtere ein pandemi, samstundes som vi har arbeidd for å oppretthalde normal drift av våre tenester til det beste for innbyggjarane. Vaksinerings av våre innbyggjarar har kravd mykje koordinering og samhandling både internt i eigen sektor, og på tvers av sektorar. Det er lagt ned ein stor innsats og utvist stor grad av fleksibilitet av våre dyktige tilsette for å få dette til.

Trass dette fekk vi ei alvorleg hending, der vaksiner ikkje vart sett fort nok. Det er grunn til å takke innbyggjarar og frivillige for samarbeidet gjennom året. Vi har jobba målretta med utvikling av våre tenester gjennom planarbeid, digitalisering og informasjonsarbeid i året som har gått.

I 2021 har vi ferdigstilt følgjande temaplanar:

- Strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan i helse og omsorg
- Plan mot vald i nære relasjonar
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Legeplan



Overordna mål:

- Utvikle tenestene saman med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad på eigen kvardag.
- Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen.
- Bli eit demensvenleg samfunn.
- Førebyggje meir gjennom tidleg innsats
- Kommunen si rolle skal vere å legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvardag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre
- Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarelege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta
- Ha ein sektor for helse- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggjar, og gi heilskaplege tenester av god fagleg kvalitet.

Statsforvaltaren peikar på ulike satsingsområde i sitt forventingsbrev til kommunen, og desse ligg til grunn for mykje av arbeidet i sektoren:

HELSEPLATTFORMA

For å lykkast med målsettinga «Én innbygger – én journal» er det avgjerande at arbeidet med Helseplattformen er forankra i leiinga på alle nivå. Herøy kommune har teke ei aktiv rolle i arbeidet med Helseplattformen, då vi er vertskommune for regional innføringsleiar i sjustjernesamarbeidet. Dette arbeidet er viktig, og vi har tru på at Helseplattformen vil bidra til meir effektiv samhandling i helsetenesta, og til vesentleg betre kvalitet for innbyggjarane.

HELSEFELLESSKAPET

Etablering av helsefellesskap er eit hovudgrep i «Nasjonal helse- og sykehusplan 2020–2023», for å bidra til meir samanhengande og berkraftige helse- og omsorgstenester. Herøy kommune er forplikta til dette samarbeidet gjennom samarbeidsavtalen med helseføretaket. Kommunalsjefen i Herøy har vore leiar i lokalt samhandlingsutval i sjustjerna, og medlem i strategisk samhandlingsutval i Møre og Romsdal i den nye helsefellesskapsmodellen i 2021.

KOMPETANSE, KAPASITET OG HEILTIDSKULTUR

Statsforvaltaren forventar at kommunane gjennomfører ei langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene i heile helse og omsorgssektoren. Mellom anna med dette som bakgrunn har sektoren arbeid med den strategiske kompetanse og rekrutterings-

planen i helse og omsorg. Både heiltidskulturarbeidet og forventninga om at kommunane skal omstille seg i forhold til reforma «leve heile livet» er arbeid som vil fortsette inn i 2022.

FASTLEGEORDNINGA

For å møte utfordringane treng vi fagleg sterke allmennlegetenester og ei attraktiv og robust fastlegeordning. Kombinasjonen av demografisk utvikling og sårbar rekruttering legg press på fastlegeordninga i kommunane. Dette har Herøy kommune tatt på alvor og arbeidd aktivt med. Med ny legeplan på plass, vert det arbeidd systematisk med legetenesta.

DEMENSPLAN 2025

Herøy kommune har fleire tiltak i kommunedelplanen for helse og omsorg. Desse skal svare opp til behovet for å bli eit meir demensvennleg samfunn som kommunestyret har gjort vedtak om. Arbeidet har vore noko utsett på grunn av pandemi, men her skal vi følgje opp i 2022.

VELFERDSTEKNOLOGI

Herøy kommune har vore med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet også i 2021. Vi har fulldigitalisert alle tryggleiksalarmar og pasientvarslingsanlegget på sjukeheimane våre. Vi har investert i medisindispensere og digitale tilsyn. Vi har arbeidd med vilkår for tildeling av teknologi, som vert oppdatert i vår kvalitetsstandard for tildeling av helse- og omsorgstenester. Herøy kommune har ei lokal velferdsteknologigruppe som har fokus på kompetanseauke knytt til teknologi, både i kommuneorganisasjonen og ut mot innbyggjarane. Dette er arbeid som vil halde fram i 2022.



RETTSTRYGGLEIK OG TVANG

Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane etterlever krav om systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukar-tryggleik. Kompetanse og merksemd frå kommuneleiinga er viktig for å få gode tenester i tråd med lovverket. Kommunedirektøren har sett stort fokus på internkontroll og kvalitetsforbetringsarbeid i kommunen. Helse og omsorgssektoren nyttar kvalitetssystemet aktivt, og arbeider systematisk med forbetningsarbeid gjennom leiinga sin gjennomgang og eigne kvalitetsutval. Dette er kontinuerleg arbeid som aldri blir ferdig.

KRISESENTER

Statsforvaltaren peikar mellom anna på at kommunen, i samarbeide med krisesenteret, må få på plass handlingsplanar for vald i nære relasjonar, og sørge for at planane er godt kjent og blir brukt i aktuelle tenester. Dette har vi arbeidd med. Handlingsplanen er ferdig, den er gjort kjent både internt i organisasjonen og på kommunen si heimeside. No må vi berre nytte det gode arbeidsverktøyet som dette er, godt nok.

SOSIALE TENESTER I NAV

Herøy kommune har etter tilsyn frå statsforvaltaren i 2020, arbeidd tettare på dei sosiale tenestene i NAV. Det lokale NAV-kontoret har på si side også teke godt tak i dei utfordringar som tilsynet peika på. Trass ein krevjande pandemisituasjon i 2021 har ein klart å halde

ei forsvarleg drift. Statsforvaltaren peika på ei ønska satsing på økonomisk rådgjeving, og KOSTRA-tala for Herøy i 2021 viser at dette har vore ei sterk satsing i Herøy. Ein ser også at økonomisk sosialhjelp har gått ned frå 2020 til 2021.

KOMMUNALT RUSARBEID

Herøy kommune fekk tilskot av statsforvaltaren som følgje av kommunestyret si budsjett-satsing i 2020 til psykisk helse og rus. Dette har ført til at vi har rekruttert ein sjukepleiar som skal arbeide førebyggjande inn mot barn og unge på rusfeltet i kommunen. Dette arbeidet vil vi sjå opp mot oppvekstreforma som er satsingsområde for heile oppvekstsektoren i 2022.

BARNEVERN

I 2021 har vi førebudd oss på at barnevern-reforma trer i kraft frå 2022. Målet med reforma er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Reforma regulerer i utgangspunktet barnevernet, men måla i reforma blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Barnevernsreforma bør sjåast på som ei oppvekstreform, der kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale teneste og nivå. Denne reforma var bakgrunn for fleire av dei tilrådde satsingane frå kommunedirektøren i budsjettet både i 2020 og i 2021. Barnevernsreforma/oppvekstreforma vert det store satsingsprosjektet på tvers av sektorar i 2022.





Tenestekoordinering

Leiar: Gro-Anette F. Voldsund

Avdelinga skal bidra til heilskapleg sakshandsaming for heile sektoren, i tillegg til spesifikke støttefunksjonar og teknisk drift. Dei som oppheld seg i kommunen skal få koordinerte tenester i samsvar med dei pliktar og rettar som lovverket gir. Regional innføringsleiar for Helseplattformen er også organsatorisk knytt til avdelinga.

DRIFT

I 2021 vart pasientvarslingsanlegga og tryggleiksalar mar fulldigitaliserte. Det vart også innført medisindispenserar

i heimetenesta, for automatisk utlevering av multidose. I tillegg er alle dører ved seksjon blå no smartdører, for trygg tilgang til pasientrom. Strategisk kompetanseplan for perioden 2021 – 2024 vart ferdigstilt. Ved å kartlegge eksisterande kompetanse og avklare kompetansebehov for framtida, er vi betre rusta med tanke på forsvarlege tenester og fagleg kvalitet i tenestene. Journalsystemet Gericar vart 1. mai godkjent som fullelektro-nisk arkiv, og det vart mogleg å sende dokument digitalt. Avdelinga var elles delaktig i ar-

beid knytt til pandemien, noko som i periodar påverka drifta. På hausten løyste kommunestyret ut opsjon på innføring av Helseplattformen.

ØKONOMI

Rekneskap i balanse, til trass for meirforbruk knytt til lisensar.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	7,9	8,0	9,0
Budsjett	8,6	8,8	9,2
Avvik	0,7	0,8	0,2
Årsverk			8,4
Tilsette			9



Barn, familie og helse

Leiar: Runa Bakke

Avdelinga har ansvar for barnevern, psykisk helse og rus, helsestasjon, fysioterapi, ergoterapi, kvardagsrehabilitering, Nav sosiale tenester, legetenester og psykososialt kriseteam.

DRIFT

Året har vore prega av pandemi og omfattande oppgaver knytt til vaksiner, smittesporing og testing. Det har blitt lagt ned ein formidabel innsats av mange tilsette. Pandemien har vore prega av stadige endringar i råd og reglar, og tilsette har handtert dette på ein god måte.

Vi har lagt stor vekt på informasjon til innbyggjarane i ulike kanalar, der eit svært godt samarbeid med kommunikasjonsavdelinga har vore avgjerande. Plan for legetenesta vart vedtatt i juni. Implementering av legeplanen vil halde fram i 2022. Kommunen har rekruttert fire nye fastlegar og legevaktsamarbeid med Søre Sunnmøre legevakt på kveld og helg starta 01.06. Hausten har vorte nytta til å førebu oss på barnevernreformen. Kommunepsykolog for barn og unge vart tilsett i august og starta 01.01.22. Vi har oppretta stilling innan kommunalt rus-

arbeid knytt til førebyggjande tiltak retta mot barn og unge. Begge desse er, saman med etablerte funksjonar, viktige satsingar knytt til oppvekstsektoren.

ØKONOMI

Avdelinga har hatt eit stort overforbruk, i hovudsak gjeld det ekstraavgifter knytt til pandemien.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	57,5	64,9	68,7
Budsjett	54,1	64,5	63,8
Avvik	-3,4	-0,4	-4,9
Årsverk			52,2
Tilsette			69



Pleie og omsorg

Leiar: Siv Jensen

Avdelinga har ansvar for opphald i sjukeheim, helsetenester i heimen, praktisk bistand, dagopphald og ernæring. Pandemien har påverka tene- sta vår også i 2021.

DRIFT

Samarbeid med frivillige au- kar. Vi har ansvar for lager av smittevernustyr og bidreg i vaksinasjonsarbeidet. Avde- linga opplevde koronautbrot i ein seksjon. Auke i pasient- flyt, auke i pasienttal og meir spesialisert behandling i kom- munen krev nytenking. Sam- handling rundt pasienten vert

meir digital. Heimetenesta vert endra til fagarbeidslag. Ved Myrvåg omsorgssenter vert seksjon A brukt som kort- tidsseksjon i meir utstrekt grad. Bruk av velferdsteknologi au- kar. Heimetenesten tek i bruk el-bilar. Herøy omsorgssenter, seksjon grøn, raud og kjøkken, er delvis rehabilitert.

Verkemiddel i heiltidskultur- arbeidet er rekrutterings- stillingar, gledesspreiarar, bemanningsteam og kombi- nasjonsstillingar.

Avdelinga tek i mot sjukepleie- studentar frå NTNU Ålesund

og frå Oslo, elevar frå Herøy vgs, lærlingar og har samar- beid med NAV for å tilretteleg- ge for deltaking i arbeidslivet.

ØKONOMI

Behovet for tenester har vore sterkt aukande. Dette er ein av grunnane til meirforbruket.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	119,7	124,3	134,4
Budsjett	112,0	116,3	122,6
Avvik	-7,7	-8,0	-11,8
Årsverk			144,2
Tilsette			235



Bu- og habilitering

Leiar: Rose-Marie Kvalsund

Avdelinga gir oppfølging og tilrettelegging til menneske med særskilde behov på fleire livsområde og skal sørge for at dei får nødvendig helse- hjelp.

DRIFT

Pandemien har påverka te- nestene våre i 2021. Vi har vore aktive i vaksineringsarbei- det og arbeidd med smitte- verntiltak. Vi har gjennomført endringar i organisasjons- strukturen internt, og delt inn seksjonane på nytt. I rekrut- teringsprosessar har vi jobba med moglegheitene for å kun-

ne auke stillingsprosentar med tanke på heiltidskultur. For å sikre rekruttering til avdelinga tek vi imot elevar, lærlingar og studentar. Vi har samarbeid med Statsforvaltaren og spe- sialisert habilitering om tvang og makt. I året som gjekk har vi har utdanna førstehjelps- struktøra, vi har utvida dag- tilbodet vårt med ei utegrup- pe, vi deltek i nytt fagnettverk SIKKS. På avlastinga starta renoveringsarbeid, og vi har sett på nye lokale til kommunal avlasting på Eggesbønes. Vi har delteke i ei arbeidsgruppe kring innføring av det digitale

samhandlingsverktøyet «Vis- ma Flyt Samspel». Vi har vore aktivt med i arbeidsgruppe for planlegging av Herøy ressurs- senter.

ØKONOMI

Vi hadde eit realistisk budsjett i 2021 og det gjorde at vi ikkje hadde meirforbruk i vår teneste.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	45,3	46,2	45,9
Budsjett	39,6	42,8	46,7
Avvik	-5,7	-3,4	0,7
Årsverk			52,7
Tilsette			72

Då vaksinen kom til Herøy

Tal på covid-19-tilfelle 2021:

Det vart registrert totalt 290 covid-19-tilfelle i 2021. Det var registrert berre sporadiske tilfelle fram til og med juli. I august fekk vi 43 tilfelle, medan det var 19 tilfeller i september og 18 tilfelle i oktober. I november (63 tilfelle) og desember (132 tilfelle) fekk vi to større

utbrot. Det største utbrotet starta i eit karismatisk miljø der det var mange eldre og uvaksinerte, og det andre utbrotet kom ved Herøy omsorgssenter, seksjon blå. Desse utbrota var uavhengig av kvarandre. Begge utbrota førte til dødsfall.



SMITTEUTBROT MED LEIE KONSEKVENSA:

Då nokre bebuarar ved omsorgssenteret fekk tilbod om 3. vaksinedose for seint, samstundes som vi fekk eit smitteutbrot, gjekk vi i gang med eit storstilt analysearbeid for å sikre interne rutinar og prosessar. Samstundes førte hendinga til ein vaksinedebatt nasjonalt og kommunedirektøren vart drapstruga då han saman med kommuneoverlegen fronta viktigheita av vaksinasjon. Til høgre vert Trond Arne Aglen intervjuet av NRK.



DEN FØRSTE VAKSINEN:

Då den første koronavaksinen kom til Herøy tidleg på nyåret i januar var det ingen som visste for ein storstilt jobb det skulle verte å sette koronavaksiner i fleire dosar gjennom heile 2021.

Her er vaksinasjonskoordinator og leiande helsesjukepleiar, Kari-Janne Ljones Kulø, med den første Pfizer-vaksinen som kom til Herøy.

Kvar ein dråpe koronavaksine var viktig å få utnytta, og det var eit stort presisjonsarbeid som vart gjort av vaksinasjonsteamet for å ikkje la ein einaste dose gå til spele den første tida.

Målet var å vaksinere flest mogleg på kortast mogleg tid.

Sette vaksinedosar i 2021:

Vaksinasjon mot covid-19 styrkar den einsskilde og befolkinga sin immunitet mot covid-19.

Oppsluttinga om vaksinasjonen var høgast i dei yngste og eldste aldersgruppene (på landsgjennomsnittet), medan den var svakast i aldersgruppene 25 - 44 år (om lag 7 prosent under landsgjennomsnittet).




VAKSINASJONSTEAM:

Randi Taklo og Siv Jensen klare for opptrekk av dei første vaksinedosane. Vaksinasjonsteamet vaks etter kvart som dosane som kom, vart fleire.

Totalt	Dose 1	Dose 2	Dose 3
16058	6859	6329	2860

Antall vaksinasjoner etter sykdom fordelt på dose, 2021

- Covid-19, 12-15 år, Herøy
- Covid-19, 16-17 år, Herøy
- Covid-19, 18-24 år, Herøy
- Covid-19, 25-39 år, Herøy
- Covid-19, 40-44 år, Herøy
- Covid-19, 45-54 år, Herøy
- Covid-19, 55-64 år, Herøy
- Covid-19, 65-74 år, Herøy
- Covid-19, 75-84 år, Herøy
- Covid-19, 85 og over, Herøy



TABELL:

Denne tabellen viser tal på vaksinasjonar i dei ulike aldersgruppene. Kjelde: SYSVAK



Kultur og oppvekst

Kommunalsjef: Sølvi Lillebø Remøy




Det har i 2021 vore gjort eit imponerende arbeid hos alle tilsette for halde oppe normal kvalitet og drift i barnehage, grunnskule, kulturskule og vaksenopplæring, så langt som råd. Utfordringane har vore mange, med stadig endring i råd og reglar og med til tider høgt fråvær. Det står respekt av denne innsatsen.

Det gode samarbeidet mellom helse og oppvekst i denne tida, må også påpeikast. Det har gitt trygge rammer for dei som har stått i første linje ut mot barn, unge og føresette.

Kulturområdet har vore sterkt prega av avgrensingar i publikumstal på kino og framsyningar, samt periodisk halde stengt.

Det har derfor vore eit krevjande år for sektoren, men trass i dette, har avdelingane hatt fokus på læring og utvikling, til beste for tenestemottakarane våre. Ein har sett på mulegheit og handlingsrom framfor avgrensingar, og lagt til rette for både trygge fysiske samlingar og digitale møte.

I statsforvaltar sitt forventningsbrev til kommunane for 2021, er det nemnt fleire satsingsområde som gjeld vår sektor.



Overordna mål:

- Systematisk arbeid med internkontroll og kvalitet.
- Tverrfagleg samhandling, med barn og unge i sentrum.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi.
- Sikre trygge barnehage- og skulemiljø, der alle kjenner seg inkluderte

SÅRBARE BARN OG UNGE

Tilsette i barnehagar og skular har hatt fokus på å skjerme sårbare barn og unge mot inn-gripande smitteverntiltak så langt som muleg. Alle barnehagar og skular har greidd å halde ope gjennom pandemien, og samarbeidet med helsesjukepleiarar har fungert bra, sjølv om det naturleg nok har vore noko mindre enn vanleg. Enkelte sårbare barn og unge har hatt det ekstra vanskeleg under pandemien, og det har til tider vore sett inn alternative opplæringstiltak for desse. Barnehagar og skular har hatt eit tett og godt samarbeid med føresette, og prøvd å legge til rette for nødvendige tilpassingar i tilbodet. Den tverrfaglege samhandlinga rundt barn og unge har vore noko avgrensa pga smittevern- og pandemiltak, men det har likevel vore gitt forsvarlege tenester.

PSYKOSOSIALT BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ

Grunnskulen har i lengre tid arbeidd systematisk og godt med det psykososiale skulemiljøet, relatert til opplæringslova. Det er utarbeidd felles planar og prosedyrar, og ressurspersonar i skulen har fått opplæring for å delta i skulebaserte innsatsteam for godt skulemiljø. Det er også etablert beredskapsteam mot mobbing i kommunen, som støttar og rettleiar både i førebyggjande arbeid og når uønska hendingar skjer. Det systematiske arbeidet har gitt positive resultat, noko som viser igjen i den årlege elevundersøkinga.

Då retten til eit trygt og godt barnehagemiljø vart lovfesta, drog ein nytte arbeidet som vart gjort i grunnskulen. I 2021 er det utarbeidd plan for godt barnehagemiljø og alle tilsette både i offentlege og private barnehagar har fått god opplæring. Rektorar og styrarar samarbeider om dette viktige arbeidet, og lagar på den måten trygge og heilskaplege rammer rundt barn og unge som veks opp i Herøy.

Kompetanseutvikling i barnehagar og skular
Både barnehagar og skular har arbeidd målretta og systematisk med kompetanseutvikling i 2021, saman med høgskulen i Volda, Nynorsk-senteret og Lesesenteret. Fokuset har vore på språk og lesing, i ei heilskapleg satsing felles for barnehagar og skular. Her er mange viktige tema innanfor dette feltet, som det vert arbeidd med i eit 3-årig perspektiv. Det er også arbeidd mykje med leiaropplæring og leiarutvikling, for å styrke styrarar og rektorar i den viktige rolla dei står vi. Sjølv om pandemien har avgrensa høvet til felles samlingar og nettverk på tvers, har ein følgd planane. Det har vore gjennomført webinar frå høgskulen, med profesjonsfaglege refleksjonar og utviklingsarbeid på kvar arbeidsplass.

TIDLEG INNSATS OG SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod er nødvendig for at alle skal kunne trivast, lære og utvikle seg. Vi har fokus på tilpassing innanfor dei rammene som fellesskapet gir. Det har vore satsa på digitale verktøy til alle elevar, samt digitale læremiddel som gir store mulegheiter for tilpassa oppgåver. Det er viktig at alle opplever meistring, og får blomstre og utvikle seg frå sin eigen ståstad.

Digitale verktøy vert nytta også for barn i barnehagealder, ikkje minst for barn som treng dette for alternativ og supplerande kommunikasjon, og for barn med behov for anna tilpassing.

Vi har dette året teke i bruk AV1-roboten for barn som på grunn av sjukdom ikkje kan vere så mykje til stades på skulen som ønskjeleg. Dermed kan eleven følgje med i klasserommet, sjølv om han ikkje kan vere der fysisk.



Foto: Adobe Stock

FORMELL UTDANNING FOR LÆRARAR

Vi har svært dyktige og godt kvalifiserte lærarar i Herøyskulen. Men ikkje alle stettar dei nye formelle kvalifikasjonskrava for faga dei underviser i. Dette har mange teke konsekvensen av, og nyttar seg av vikarordninga som staten tilbyr. Det er kvart år fleire lærarar som tek vidareutdanning i faga norsk, engelsk og matematikk – som staten prioriterer. I tillegg søker fleire om vidareutdanning i spesialpedagogikk. Dette har vore eit vanskelegare nålaug å få godkjenning for i 2021, men er ein kompetanse som vi treng meir av i Herøy.

NY RAMMEPLAN FOR SFO

Ny nasjonal rammeplan for SFO kom i 2021, og denne har medført eit omfattande arbeid med å finne ut kva innhald og kvalitet vi skal ha i SFO i Herøy. Resultatet vart ein lokal

rammeplan for SFO, som skal implementerast i tida framover. Rammeplanen legg vekt på eit meir systematisk aktivitetstilbod, samt at SFO i større grad skal henge saman med læringa i skulen.

EIN NY SEKTOR FRÅ 1. AUGUST 2021

Kulturavdelinga kom inn i sektoren frå 1.august 2021. Dette medførte ei styrking og eit positivt supplement av dei tenestene som var i sektoren frå før. Aktivitet, opplevingar, lokal tilknytning, inkludering og samhandling til beste for barn og unge fekk nye perspektiv og dimensjonar. Organisasjonsendringa førte til større heilskap i tenking og tiltak for eit godt oppvekstmiljø, både i barnehage, skule og fritid.



Barnehage

Leiar: Elisabeth Warpe

DRIFT

Herøy kommune har fire kommunale og fem private barnehagar. I tillegg er Herøy kommune barnehagestyresmakt overfor dei private barnehagane, ei lovpålagt rolle.

I 2021 var det omlag 125 barn i kommunale og 307 barn i private barnehagar.

Den lokale rammeplanen for 2020 – 2024 er felles og forpliktande for alle barnehagane. Vi har særleg arbeid med den regionale kompetansehevinga på kommunikasjon og språk. Språk og lesing i barnehage og skule er tema for dette arbeidet. Samarbeidspartar er: Høgskulen i

Volda, Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger og Nynorskcenteret. Barnehagane og skulane i Herøy kommune vil med eit heilskapleg blick på språk- og leseutvikling gje dei eit godt grunnlag for auka lesekompetanse. Avdeling barnehage og grunnskule samarbeider på eit overordna nivå med å vidareutvikle leiar-kompetansen i barnehage og skule. Det gjer vi gjennom eit felles prosjekt både kommunalt og interkommunalt. Målet er auka leiarkompetanse og eit felles støttande leiarlag. I tillegg har alle barnehagane arbeid målretta med plan for trygt barnehagemiljø, og sek-

toren har gitt tilbod om kompetanseheving innanfor dette området til alle barnehagane med fleire kurs om temaet.

ØKONOMI

Barnehageavdelinga hadde eit negativt avvik i 2021. Dette skuldast i hovudsak stor auke i ekstra tiltak til barn med særlege behov.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	68,0	75,1	75,4
Budsjett	71,3	74,4	76,1
Avvik	3,3	-0,7	0,7
Årsverk			38,3
Tilsette			46



FJELLTUR:
Stokksund skule
på tur til Skåla og
Sandvikhornet.



Herøy kulturskule

Leiar: Rune Paulsen

DRIFT

Herøy kulturskule underviser i musikk og andre kunstuttrykk. Tilrettelegging av tilboda vert gjort i tråd med behov og påmelding, samt tilgjengeleg kompetanse og kapasitet. Vi følgjer nasjonal rammeplan for kulturskulane, og Stortingsmelding 18 Opplæve skape og dele 2020-2021.

Hausten 2021 hadde kulturskulen 458 elevplassar. Det har vore ein generell nedgang i elevtalet sidan 2015, men ein ser at det i 2021 har stabilisert seg samanlikna med 2020.

Sjølv om det har vore store utfordringar med pandemien og strenge smittevernreglar, har vi unngått nedstenging. Trass i eit trangt handlingsrom har lærarane vore kreative og skapt læring og gode opplevingar for elevane.

Herøy kulturskule og SFO på to av grunnskulane i kommunen, har samarbeidd om å gi elevar eit kulturtilbod i SFO tida. Dette har vore veldig kjekt for borna, og tilboda har variert frå dans, minitrompet, GarageBand og teikning.

ØKONOMI

Drifta er tilpassa litt lågare inntekter og totalt sett har vi klart å gå i balanse.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	4,1	4,5	4,3
Budsjett	3,9	4,1	4,4
Avvik	-0,2	-0,4	0,1
Årsverk			7,7
Tilsette			15



Kvalifiseringssenteret

Leiar: Lilly Arlen Larsen

DRIFT

Vi skal gi heilskapleg opplæring og oppfølging i norsk, samfunnskunnskap, livsmeistring, økonomi, utdanning og arbeidsliv. Vi har starta intern organisasjonsutvikling og heilskapleg oppfølging av deltakarar. I 2021 busette Herøy kommune 11 flyktingar fordelt på to familiar. Kvalifiseringssenteret har oppretta samarbeid med NAV Furene. I 2021 har vi fått fleire nye arbeidsgjevarar til samarbeid om språkpraksis. Vi har jobba for å gjere Kvalifiseringssenteret synleg med låg terskel for naboar, foreldregrupper

og frivillige å ta kontakt. Vi har hatt fokus på integrering for barn og unge, og arrangert familiedag der vi inviterte med norske familier. Og vi har oppretta frivillig forum, og fått avtale på HABIL øvekøyring. Når det gjeld covid-19 har kvalifiseringssenteret vore under nasjonale retningslinjer i raudt nivå, men har klart å halde open skule, gjennomført alle eksamenar, og hatt oppfølging av familiar i karantene.

ØKONOMI

Høgare statstilskot enn budsjett, og lågare kostndar til introduksjonsordninga førte til

FLYKTINGTENESTA:

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	-2,4	-3,7	-4,7
Budsjett	-4,6	-3,8	-3,8
Avvik	2,2	0,1	0,9

VAKSENOPPLÆRINGA:

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	2,0	2,3	1,3
Budsjett	1,7	1,9	1,5
Avvik	-0,3	-0,4	0,2
Årsverk			7,5
Tilsette			9

eit mindreforbruk i 2021.



Kultur

Leiar: Petter Ole Kopperstad

DRIFT

Første halvår var avdelinga gjennom ein organisasjonsutviklingsprosess. Arbeidet munna ut i ein «verdiplakat» og Kulturveka. Frå 1. august flytta kulturavdelinga frå sektor for samfunnsutvikling til kultur og oppvekst. Herøy gard/kystmuseum og Jekta ligg no under sektor for samfunnsutvikling. Utgiftene til Jekta har til og med 2021 vore ført på kulturkontoret sitt ansvar.

Når fasaderehabiliteringa ved kulturhuset vert ferdig, har vi

fått fornya biblioteket og fått nye inngangar frå stadionsida til både bibliotek og til utlånsordninga BUA.

Koronarestriksjonar har også i 2021 hatt vesentleg innverknad på arrangement og tenester for vårt publikum, og medfølgande konsekvensar for økonomi. Dette særleg for konserthus og kino. Samstundes har leiarar og tilsette klart å levere til dels normalt nivå på mange arrangement og aktivitetar. Ein stor og prisverdig innsats.

ØKONOMI

Nettoresultat viser eit overforbruk på ca. 100.000 for avdelinga totalt (utan Herøy gard). Låg aktivitet grunna pandemien gjer at nokre seksjonar har lågare utgifter enn budsjett, samstundes som kulturproduksjon har hatt mindre inntening av same årsak.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	8,6	8,9	11,1
Budsjett	8,4	10,1	11,2
Avvik	-0,2	1,2	0,1
Årsverk			11,8
Tilsette			15



Grunnskule

Leiar: Hilde Hestås

DRIFT

Herøyskulen sin visjon "Ein los i leia", betyr at vi skal legge til rette for å vere med å utvikle trygge og vel fungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, og byggjer verdier og haldningar som fører dei på rett veg.

Skulane starta innføring av nye læremiddel etter ny læreplan. Dette har vore eit stort økonomisk løft for kommunen, og vil vere det også i åra som kjem. Grunnskulane legg vekt på innkjøp av læremiddel av høg kvalitet, som styrkar stiltinga av nynorsken i kommu-

nen, og legg til rette for variert undervisning i alle fag.

Avdeling barnehage og grunnskule samarbeider på eit overordna nivå med å vidareutvikle leiarkompetansen i barnehage og skule. Det gjer vi gjennom eit felles prosjekt både kommunalt og interkommunalt. Målet er auka leiarkompetanse og eit felles støttande leiarlag. Pandemi har vore utfordrande i alle delar av skuledrifta. Gjennom pandemien har skulane og personalet har vore fleksible og greidd å omstille seg til stadig endringar i rammer og føresetnader for undervisning.

I juni 2021 vedtok kommuneoverlegen å stengje Bergsøy skule avd Borga for skuledrift. Den nye modulskulen var klar til innflytting 1. januar 2022.

ØKONOMI

Grunnskulane hadde positivt resultat i 2021.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	107,5	108,8	110,0
Budsjett	108,0	110,4	110,8
Avvik	0,5	1,6	0,8
Årsverk			146,9
Tilsette			165



PPT

Leiar: Margunn Rekdal

DRIFT

PPT starta vinteren 2021 ein prosess mot samanslåing av tenester med PPT Sande. Herøy kommune har sidan 1. mars 2021 kjøpt leiartenester frå Sande kommune. Margunn Rekdal har leia begge kontora ifrå denne dato.

Det faglege samarbeidet gjennom felles fagdagar og samarbeid rundt saker har vore fagleg utviklande for begge kommunar.

Tenesta arbeider med enkeltbarn og elevar med særlege behov, med kartlegging og sakkunnig tilråding om tiltak. Dette arbeidet har vore auka dei 2 siste åra, både på barnehage- og grunnskuleni- vå.

Det vert lagt stor vekt på samhandling mellom PPT og barnehage/skule, til beste for barn og elevar. I tillegg til det sakkunnige arbeidet rundt einskildbarn bidreg PPT med systemarbeid og kompetanse- tiltak i barnehagar og skular.

ØKONOMI

PPT har eit lite mindreforbruk.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	3,5	3,7	3,8
Budsjett	4,1	4,3	4,0
Avvik	0,6	0,6	0,2
Årsverk			5,1
Tilsette			7

Ung i Herøy



TOK GREP: Etter ei trist episode med tagging bestemte Herøy Ungdomsråd seg for å gjennomføre vaskedugnad i parken saman med Moldskred renovasjon og Zewo Chemicals



Årets ungdomsråd: Herøy ungdomsråd vart kåra til årets ungdomsråd i Møre og Romsdal for 2021.

OPPLÆRING:

Av unge MOTivatorar på Runde. Pilotprosjekt. Herøy vertskommune. Ungdomar frå Herøy, Ulstein og Vanylven.



MOT-ØKT:

Her ved Stokksund skule.



ÅRETS PROSJEKT:

Fritidsklubben blei tildelt tittelen på Ungdom & Fritid sin landskonferanse for prosjektet «UFO-ein klubb i klubben».



NYE KAIER:

A. Våge AS bygger nye næringskaier for Herøy kommune på Mjølstadneset. Prosjektet vart starta opp hausten 2021 og skal ferdigstillast vår 2022. Foto: A. Våge.

Samfunnsutvikling


Kommunalsjef: Ane Malene Søvik Nygård



I sektor for samfunnsutvikling møter innbyggjarane og næringslivet både kommunen som utøvar av mynde ved til dømes byggesak og tekniske tenester, som samfunnsutviklar gjennom planarbeid og ein omfattande investeringsplan, lokaldemokratisk aktør og tenesteutøvar.

2021 var året vi skulle arbeide oss ut av pandemi og inn i ein ny kvardag, men der periodevise nedstengingar og konsekvensar av eit usikkert verdsbilde framleis prega oss og gav konsekvensar lokalt. Omfanget av klimakrisa har vorte stadig meir tydeleg, og sett i lokale kontekstar – særleg gjennom FN sin klimarapport, del 1, som i august 2021 varsla «kode raud».

Med handsaming av kaisaka hausten 2021 fekk vi særleg møte konsekvensane av auka råvareprisar, ein faktor som i langt større grad har vorte forsterka og vil gi endra føresetnadar for rammene for framtidige prosjekt.



Overordna mål:

- Legge til rette for at Herøy kommune skal vere ein god plass å bu, arbeide og besøke.
- Sikre god brukarmedverknad og utvikling i tenesteytinga.
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Tenkje innovasjon og ny teknologi i tenesteproduksjon.



OVERORDNA MÅL

I 2021 har vi mellom anna arbeidd med:

- Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel
- Trafikktryggingssplan
- Klimaplan
- Strategiplan for nærings- og miljøtilskot i skogbruket
- Strategiplan for særskilde miljøtiltak i jordbruket og tilskot til tiltak i beiteområde
- Interkommunal kystsoneplan for ytre søre Sunnmøre
- Detaljregulering for
- Torvik Gbnr. 17/30 og 57
- Mjølstadneset 22/50 mfl.
- Sævik gnr. 11 bnr. 6
- Eggesbøjorda Gbnr. 37/103
- Ny tilførselsveg mellom Kvalsund og Kvalsvik

- Fv. 20 Nerlandsøybrua
- Kvalsund/Teige del 2
- Detaljregulering masseuttak på Igesund
- Jensholmen Molo 2
- Marken Marina

Statsforvaltaren peikar på utfordringsbiletet til kommunane og ulike prioriteringar i sitt forventingsbrev til kommunen, og desse ligg til grunn for mykje av arbeidet i sektoren.

OMSTILLING TIL LÅGUTSLEPPSSAMFUNNET

Gjennom *Berekraftsfylket Møre og Romsdal* og kartlegginga som synleggjorde statusen i alle kommunane i fylket, fekk vi ny kjennskap og ny forståing for korleis berekraftsmåla heng saman med kommunen sine ansvarsområde. Det å få eit augneblinksbilete av kva vi er gode



Foto: Anita Hjelmeseth

på og kvar vi bør legge inn ein innsats er eit godt styringsverktøy for det vidare arbeidet med berekraft. Også KS vektla arbeidet med klimaomstilling og klimatilpasning. Basert på ein serie webinar fekk kommunane verktøy til å bli meir konkrete i arbeidet. Herøy kommune utarbeidde i 2021 ny klimaplan, den ytre ramma for korleis Herøy skal omstille seg til lågutsleppssamfunnet.

NATURMANGFALD

Kommunane på søre har dei siste åra lagt ned ein stor innsats knytt til forvaltning av ressursane langs kysten. Gjennom dei marine grunnkarta og vidare arbeid med kystsoneplan, har kommunane på ytre søre Sunnmøre ei felles plattform for ei berekraftig forvaltning av sjøareala.

Planen skal gi sjøretta næringar moglegheit til auka verdiskaping i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling, samstundes som andre interesser vert tekne i vare.

Herøy kommune hadde 65 aktive gardsbruk i 2021. Strukturendringa i landbruket, som har pågått sidan tidleg 2000-tal, har ført til ei stor endring i tal på aktive bruk, men dei siste åra har det vore stabilt og til dels auka bruk med utgangarsau i Herøy. Færre dyr på beite og tungvinte innmarksareal gjer at både innmark og utmark gror igjen og vert dominert av småskog og eine. Også større og meir intense nedbørsmengder påverkar drifta av kulturlandskapet. Ved endra bruk av areal, der område tidlegare har vorte utvikla som kulturlandskap gjennom generasjonar, vert det biologiske mangfaldet redusert.

TILSYN

Herøy kommune har som kommunal bygningsmynde plikt til å føre tilsyn i tråd med plan- og bygningslova i kommunen. I tillegg har vi plikt til å følge opp ulovlege byggjetiltak.

I samsvar med tilsynsstrategi 2020 – 2024 hadde kommunen følgjande fokus i 2021:

- Saker med mogleg fare for liv og helse, miljø og tryggleik
- Forhold som har samfunnskonsekvensar
- Tilsyn før bruksløyve/ferdigattest
- Oppfølging av vedtak frå politisk utval/ statsforvaltar
- Føretak med gjentekne manglar i søknadsprosessar.
- Følgje opp vilkår i midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid, og gjennom pandemi har vi lært oss å halde ordinær drift parallelt med kriseleiing og kontinuitetsplanlegging.

Utviklingsavdelinga hadde i 2021 særleg fokus på aktsemdssone skred, og hadde eige temamøte med maritim og teknisk utval. Det er eit kommunalt ansvar gjennom plan- og bygningslova å sikre ei forsvarleg arealforvaltning gjennom plan og byggesak, slik at ein unngår negative konsekvensar av naturfarar som skred- og flaumfare. Dette ansvaret omfattar heile organisasjonen, inklusive folkevalde representantar i ulike utval, og er ei forventning statlege sektorstyresmakter har til arbeidet vårt mot innbyggjarane. I møte med stadig aukande utbyggingspress og eit klima i endring, er det venta at flaum- og skredfare

vil bli eit enda viktigare temaområde for saks- handsaminga vår. Det er derfor viktig at ein tek denne problemstillinga på alvor, uansett kva slags type tiltak som søkjast og kven det gjeld. Dette for å sikre tryggast moglege forhold for alle innbyggjarar og besøkande i kommunen. I tillegg til å sikre lågast mogleg skadeverk på privat og offentlig bygningsmasse og infrastruktur.

NÆRINGSUTVIKLING

Etter budsjettvedtaket i desember 2020 som initierte utbygging av kaier på Mjølstadneset, opplevde kommunen ein auka etterspørsel etter næringsareal. I løpet av 2021 vart bortimot alt ledig areal på Mjølstadneset reservert av ulike aktørar som planla etablering eller utvikling av eksisterande etableringar på området. Dette utfordrar kommunen i å finne areal i tilknytning til eksisterande infrastruktur som gir rom for ytterlegare næringsvekst.

FOSNAVÅG HAMN

Herøy kommune signerte i 2019 ein forskoteringsavtale med Kystverket om utbetring av farleia til Fosnavåg hamn, og det har sidan 2013 vore ei utfordring å finne eigna lokalitet for deponi av massane frå utdjuvinga.

I løpet av 2021 var kommunen innom fleire lokalitetar, og hausten 2021 var Norconsult engasjert, for å saman med ei politisk referansegruppe, finne alternativ som det var mogleg å skape mest mogleg konsensus rundt i framtidige tilrådingar. Etter eit forprosjekt, vedtok kommunestyret i desembermøtet eit utgreiingsprogram for sjøbotndeponi av massane frå Fosnavåg hamn.





Anlegg og drift

Leiar: Fred Arnesen

DRIFT

Uteseksjonen flytta inn i nye lokale på Eggesbønes. To tilsette gjekk av med pensjon og ein gjekk over til privat vassverk. Vi fekk tilsett ny leiar for uteseksjonen og ein ny fagarbeidar ute. Uteseksjonen har nytta tida godt mellom slaga til å kome seg på plass i nye lokala og til å rydde uteområdet og lagerhallen.

Arbeidsoppgåvene deira har i hovudtrekk bestått av vintervedlikehald, sommarvedlikehald, sentrumsvedlikehald, hamnearbeid, Heid tursti og idrettsanlegg med aktivitets-

parken ved kulturhuset, samt generelle driftsoppgåver. Inne jobbar ein fortløpande med sakshandsaming/oppfølging knytt til veg, avlaup, hamn, idrettsområde og prosjekt.

PROSJEKT (INVESTERING):

Ferdigstilt i perioden: Køyrebru til Vågsholmen, infrastruktur Nørvågen, kommunalt avlaupsanlegg og bustadfelt Bø/Arhaug.

Mindre prosjekt: Drenering Leinestøylen og Leidningsanlegg Nykrem.

Prosjekt som vart oppstarta: Nye kaier Mjølstadneset, skredvoll Munkestranda/Moltu.

ØKONOMI

I 2021 fekk vi ein snørik start på året, noko som resulterte i om lag 1,5 mill. i meirforbruk i forhold til tidlegare år. Dette fekk ein justert opp ved budsjett-korrigeringa i 1. halvår.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	8,7	10,1	11,4
Budsjett	8,9	12,8	12,2
Avvik	0,2	2,7	0,8
Årsverk			9
Tilsette			9



Utvikling

Leiar: Ole Magne Rotevatn

Vi har hatt svært høg aktivitet på alle fagområda plan, byggesak og oppmåling. Avdelinga har hatt vakanse i ei halv stilling, men handtert alle saker som har kome inn og halde framdrift i alle saker.

Vi jobba vidare med digitale løysingar til innbyggjarane som skal bidra til raskare og smidigare sakshandsaming.

DRIFT

Kommunen har pågåande fleire store og svært krevjande reguleringsplanar som tek ein stor del av kapasiteten på plan, men ein har kome i mål

med både kommunedelplan for trafikktrygging, reguleringsendring på Nerlandsøybrua og massetak på Igesund og avdelinga har elles følgd opp planarbeida etter *Prioriteringsplan for sektor for samfunnsutvikling*. Vi har kome langt med tilsynsarbeidet. Kommunen skal føre tilsyn i eit slikt omfang at det kan avdekkast regelbrot, ved gjevne pålegg og når ein vert gjort merksam på lovbrøt utover bagatellmessige forhold.

ØKONOMI

Mindreforbruket i 2021 kjem i

hovudsak av større inntekter på byggesak i tillegg til vaksen.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	5,4	5,6	4,7
Budsjett	6,6	5,0	5,1
Avvik	1,2	-0,6	0,4
Årsverk			8
Tilsette			8

	2019	2020	2021
MÅLTAL			
Byggesak (3 vekerssaker)	24	23	18
Byggesak (12-vekerssaker)	85	56	73
Oppmåling (tal på grunn-eigedomar oppretta)	12	39	60



Landbruk

Leiar: Anne Kathrine Løberg

DRIFT

Dei lokale strategiane for til-
deling av tilskot til Særskilde
miljøtiltak i landbruket (SMIL)
og til Næring- og miljøtilskot
i skogbruket (NMSK) vert re-
vidert kvart 4. år. SMIL stra-
tegien gjeld for Herøy, Ulstein
og Hareid for perioden 2021
– 2024. NMSK strategien gjeld
for Herøy, Ulstein, Hareid og
Sande for perioden 2021 –
2024. Strategiane vart drøfta
med representantar for gard-
bruket sine organisasjo-
nar før dei vart vedteke poli-
tisk i kvar kommune.

Arbeidet med kommunedel-
plan landbruk i Ulstein vart
sluttført og kommunestyret i
Ulstein vedtok planen i novem-
ber. Som del av arbeidet vart
det gjennomført tre fysiske
grendemøte. Møta gav verdi-
fulle innspel til handlingsdelen
i planen. Det vart rydda og le-
vert gardsarkiv og viltarkiv for
dei tre samarbeidskommuna-
ne Herøy, Ulstein og Hareid til
digitalisering hos IKA Ålesund.
Arbeidet er no i all hovudsak
sluttført.

ØKONOMI

Gebyrinntektene er om lag på

same nivå som tidlegare og
det er ingen store endringar i
økonomien i avdelinga frå før-
re året. Det vert nytta avsette
midlar til digitalisering av ar-
kivet. Ei fast stilling har stått
vakant sidan 01.10 då med-
arbeidaren søkte om, og fekk
innvilga AFP. Stillinga vert
bemanna i løpet av neste år.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	1,2	1,3	1,1
Budsjett	1,2	1,5	1,3
Avvik	0,0	0,2	0,2
Årsverk			2,5
Tilsette			3



Brann

Leiar: Tore Langvatn

DRIFT

På trass av covid-19 løyste
Herøy brann og redning sam-
funnsoppdraget på ein god
måte. Dette takka være kom-
petente tilsette og bevisste
innbyggjarar. Vi har hatt av-
grensingar på øvingar, sam-
lingar, førebyggjande tenes-
ter og feiling/tilsyn på private
bustader. Beredskapen har li-
kevel vore god og vi har gjen-
nomført alle skarpe oppdrag
utan uhell. Vi flytta inn i ny
hovudbrannstasjon i mai. Ny
vaktbil vart også teken i bruk
på hausten.

FØREBYGGJANDE AKTIVITET

Gjennomføring av branntilsyn
har vore redusert som føl-
gje av restriksjonar hjå oss,
men også hjå verksemdar og
bygningseigarar. Det har vore
utført ordinære branntilsyn,
informasjon og motivasjons-
retta tiltak, samordna tilsyn,
og branntilsyn i sameige.
Når det gjeld risikoutsette
grupper har det vore fokus på
eldre heimebuande, og det
har vore utført heimebesøk
hjá innvandrarar/flyktingar
med fokus på informasjon og
motivasjonstiltak. Vidare har
det vore gjennomført

opplæring av tenesteytande
personell. Det har vore akti-
vitert i samband med Brann-
vernveka og brannvesenets
julekalender.

ØKONOMI

Herøy brann og redning har
hatt stramme økonomiske
rammer dei siste åra og det
har vore lite rom for anna enn
normal drift.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	8,1	9,6	9,7
Budsjett	8,5	8,8	9,3
Avvik	0,4	-0,8	-0,4
Årsverk			2,4
Tilsette			22



Eigedom

Leiar: Robert Myklebust

DRIFT

2021 var eit krevjande år. Dei store prosjekta har vorte gjennomført parallelt med ordinær drift på reinhald og byggdrift. Reinhald har hatt ei viktig rolle i førebyggjande smittevernarbeid. Byggdrift har eit omfattande ansvar, med drift og vedlikehald av i overkant 73 000 m² eigedomsmasse med kommunale aktivitetar av ulik karakter. Bygningsmassen ber i stor grad preg av alder og å ha eit etterslep på vedlikehald. Eigedomsavdelinga vart flytta frå sektor for verksemdsstyring til samfunnsutvikling.

PROSJEKT/INVESTERING

Brann flytta inn på ny stasjon, og etter kvart flytta også ute-seksjonen inn i driftsbasen. Politiet tok formelt over nye lokale i Rådhusgata 7 i september. Etter pålegg frå kommuneoeverlegen om stenging av Borga vart kommunen utfordra på å finne nye skulelokale på kort tid. Modulane ved kulturhuset kom på plass i løpet av hausten og i romjula kunne ein dugnadsgjeng flytte inventar frå gamle skulen. Også fasaderehabilitering på kulturhuset starta opp; eit tiltak som særleg har gjeve utslag på straumforbruket i bygget. Få

ressursar knytt til prosjektoppfølgning har vore ei utfordring.

ØKONOMI

Kommunale utleigebustadar og reinhald leverte gode resultat, men kommunal drift fekk eit meirforbruk på 2,8 mill. kr. Særleg straumforbruk, eigedomsavgifter, serviceavtalar og reparasjonar har medført meirforbruk i avdelinga.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	20,0	23,0	22,5
Budsjett	19,0	22,5	20,5
Avvik	-1,0	-0,5	-2,0
Årsverk			29,5
Tilsette			39



Herøy gard

Leiar: Eileen Gjerde

DRIFT

Utviklingsplan for Herøy gard dannar grunnlaget for drifta. Aktiviteten har vore høg på mange felt, og mest knytt til besøk på museet og jekta, bygningsteknisk tilrettelegging og vedlikehald, samlingsforvaltning m.m. Forvaltningsplan sikrar forvaltning av området vest for museet. Vi har hatt ope museum frå mai–august. Museumssamarbeid med lokalmuseum på Sunnmøre og dialog med vernemynde. Vi har hatt ulike pilegrimsaktivitetar og informasjonsarbeid.

Vi har også hatt utleige av jekta og bygningane til eigne og andre sine aktivitetar.

Vi har fått ny skilting til museet langs kommunevegen. Det er gjort forarbeid til ny bru.

Prosjekt Jektenautset fekk tilført 1,5 mill. kr i friske midlar (RDA), tilsvarende det fylkeskommunen trekte tilbake etter at Herøy kommune gjekk ut av den konsoliderte museumseininga på Sunnmøre. Planleggingsarbeidet og førebuing til anbudsprosess har starta opp igjen. Rehabilitering og vedlikehald av utvendig kledning

av hovudbygninga starta på hausten.

ØKONOMI

Mindreforbruket kjem i hovudsak av sal av varer og tenester.

	2019	2020	2021
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	-	-	1,4
Budsjett	-	-	1,5
Avvik	-	-	0,1
Årsverk			1
Tilsette			1



HERØY GARD: I haustsol.
Foto: Anita Hjelmeseth

Arbeidsmiljøpris og servicepris

Lønsansvarleg i Herøy kommune, Karen Marie Hjelle, fekk serviceprisen for 2021.

Serviceprisen går til nokon som:

- yter kollegaen sin noko ekstra i arbeidskvardagen.
- er god på samhandling, viser respekt og byggjer tillit.
- deler kunnskapen sin med andre.
- er god på involvering og inkludering.
- ser andre.
- oppfyller momenta i service-plakaten på ein god måte.



Bergsøy skule, avdeling 5-7 fekk arbeidsmiljøprisen 2021.

Det var ein stolt og nøgd rektor, Marit Lillestøl, som tok imot prisen på vegner av dei tilsette.

- I år gjekk prisen til ein arbeidsplass som i dei seinare åra har stått i store utfordringar knytt til den fysiske arbeidsplassen sin. Trass uro i foreldregruppe, krevjande forhold knytt til luftkvalitet og temperaturregulering for både elevar og tilsette, og store diskusjonar politisk, har dei tilsette ytt gode og trygge tenester til elevar og heimar, kommenterte Eli Karin Kvalsund, hovudtillitsvald i Fagforbundet og leiar i arbeidsmiljøutvalet, som delte ut prisen.



Alle prisfoto: Thomas Sporsheim

Fekk kommunikasjonsprisen for 2021

Runa Bakke som er avdelingsleiar for barn, familie og helse, fekk kommunikasjonsprisen for 2021.

Kommunikasjonssjef i Herøy kommune, Iselin Nevstad Øvrelid, delte ut prisen under medarbeidarfesten for tilsette.

Prismottakaren for 2021 leiar ei kompleks avdeling, med tenester som er viktige samarbeidspartar både i sektoren, men også på tvers i og

utanfor den kommunale verksemda. Ho har alltid innbyggjaren i fokus, følgjer opp informasjon på nettsida ved å aktivt gå ut i lokalavisa og informere ved behov, har stort fokus på internkommunikasjon.

Vi kan særleg trekke fram kommunikasjonsarbeidet knytt til utfordringane i legetenesta, og den viktige og samordna rolla prismottakaren har hatt i pandemihandteringa.



Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga



EI BÅTLENGD FØRE